


Detaljregulering for gnr. 40, bnr. 59, Sveio sentrum Sveio kommune

PlanID: 202605

Vedtak: Kommunestyret i Sveio, 16.02.2026

Planomtale med ROS-analyse



Innhald

1	BAKGRUNN	3
1.1	HENSIKT MED PLANEN.....	3
1.2	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	3
1.3	TIDLEGARE VEDTAK I SAKA	4
1.4	KRAV OM KONSEKVENSGREIING.....	4
2	PLANPROSESSEN	5
2.1	PLANPROSESSEN	5
2.2	MEDVERKNAD OG VARSEL OM OPPSTART.....	5
2.3	AVKLARINGAR MED OFFENTLEGE MYNDE	5
3	PLANSTATUS OG RAMMEFØRESETNADER	6
3.1	OVERORDNA PLANAR.....	6
3.2	GJELDANDE PLANAR FOR OMRÅDET	7
3.3	EVENTUELLE PLANAR SOM HEILT ELLER DELVIS SKAL ERSTATTAST	8
3.4	TILGRENSANDE PLANAR I NÆRLEIKEN OG SOM HAR INNVERKNAD PÅ SAKA	8
3.5	TEMAPLANAR.....	8
4	DAGENS SITUASJON	9
4.1	TOPOGRAFI OG LANDSKAP	9
4.2	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	10
4.3	NATURMANGFALD	11
4.4	NATURRESSURSAR.....	11
4.5	FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE, BARN OG UNGE SINE INTERESSER.....	12
4.6	TRAFIKKFORHOLD	13
4.7	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	15
4.8	NÆRING OG TENESTER	16
4.9	RISIKO- OG SÅRBARHEIT (EKSISTERANDE SITUASJON)	16
5	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET	21
5.1	PLANLAGT AREALBRUK	21
5.2	GENERELLE FØRINGAR FOR PLANOMRÅDET	22
5.3	OMRÅDE FOR BYGNINGAR OG ANLEGG	23
5.4	SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	25
5.5	GRØNTSTRUKTUR.....	26
5.6	OMSYNSSONER	26
5.7	REKKEFØLGJEKRAV	27
5.8	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	27
5.9	PLANLAGDE OFFENTLEGE ANLEGG	29
5.10	AVBØTANDE TILTAK/LØYSINGAR, JF. ROS	29
6	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET.....	31
6.1	OVERORDNA PLANAR.....	31
6.2	LANDSKAP OG ESTETIKK.....	32
6.3	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ, EV. VERNEVERDI	33
6.4	NATURMANGFALD	34
6.5	NATURRESSURSAR.....	34
6.6	FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER	35
6.7	UNIVERSELL UTFORMING OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE.....	36
6.8	TRAFIKKFORHOLD	36
6.9	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	38

6.10	STØY OG FORUREINING	41
6.11	ENERGIBEHOV- OG FORBRUK	42
6.12	NÆRING OG TENESTER	42
6.13	EIGEDOMSINNGREP	43
6.14	KLIMAENDRINGAR OG NATURHENDINGAR	43
6.15	ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN	45
6.16	KONSEKVENSA FOR NÆRINGSINTERESSER OG PRIVATRETTSLEGE FORHOLD	45
6.17	INTERESSEMOTSETNINGAR	45
6.18	AVVEGING AV VERKNADER	46
7	SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP	47
7.1	ROS-ANALYSE FRAMTIDIG SITUASJON	47
8	INNKOMNE MERKNADER TIL OPPSTART	50
9	VEDLEGG	53

1 Bakgrunn

Lokalisering	Sveio sentrum
Gjeldande planstatus	PlanID: 2019001, Badeanlegg i Sveio sentrum, Offentleg eller privat tenesteyting og sentrumsformål i KDP Sveio sentrum
Planområdets storleik	18,1 daa
Tiltakshavarar	Sveio kommune v/drift, Per Riise
Plankonsulent	ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Hovudføre mål med ny plan	Offentleg tenesteyting; barnehage, kontor og rådhus. Offentleg eller privat tenesteyting, Kombinert føremål: forretning, kontor, bustad. Samferdsleføre mål
Aktuelle problemstillingar	Sentrumsutvikling, trafikktryggleik, parkering
Krav om konsekvensutgreiing	Nei
Oppstartsmøte	05.03.2024
Varsel om oppstart	06.05.2024

1.1 Hensikt med planen

Hovudføre målet med planen er å endre godkjent reguleringsplan frå 2019 for å leggje til rette for etablering av ulike offentlege/private føremål med tilkomstveg og tilhøyrande parkering, samt vidare utvikling av kringliggjande område innanfor planen. Det er eit hovudmål å leggja til rette for kommunal barnehage innanfor planområdet. Den kommunale barnehagen skal erstatte eksisterande kommunal barnehage i Åsvegen, denne har behov for større oppgraderingar for å stetta dagens standardkrav

Reguleringsplanen skal danne grunnlaget for sjølve prosjekteringa og utforminga av barnehagen. Detalj-reguleringa omfattar areal avsett til hovudføre måla offentleg og privat tenesteyting, kombinerte føremål, samt føremål knytt til parkering og samferdsel. Plandokumenta skal vera grunnlaget for ein prosjekteringskonkurranse for barnehagen i etterkant av at planen er vedteke. I denne fasen vert konkret plassering og utforming av området løyst. Planframlegget er difor noko fleksibelt utforma for å skape rom for kreativitet og heilskaplege løysingar gjennom konkurransen for den framtidige barnehagen.

1.2 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet er om lag 18 daa, der disponibelt areal til ny barnehage er ca. 4,6 daa. Planområdet ligg i Sveio sentrum, like sør for kyrkja og fv. 541, og vest for Sveio kommunehus. Følgjande eigedomar ligg innanfor planområdet: gnr./bnr. 40/4, 40/7, 40/18, 40/21, 40/59, 40/93 40/264 og 40/408. Planavgrensinga er lagt i eigedomsgrensa mot sør og vest for å sikre god tilpassing mot landbruksareal og naboar.



Figur 1 Lokalisering og planavgrensning for området

1.3 Tidlegare vedtak i saka

Det er fatta kommunale vedtak på plassering av ny barnehage, samt overordna føringar for storleik og kapasitet. Kommunestyret gjorde 01.11.21 vedtak om at «*ny kommunal barnehage i Sveio sentrum skal vera lokalisert i sørvestre hjørnet av gnr. 40, bnr. 59.*» I saka ligg det og føringar for dimensjonering, uteareal, tilkomst og parkering, teknisk infrastruktur. I kommunestyremøte 12.06.2023, KOM-063/23, vart det fatta vedtak angående anbudsprosess og ramme for barnehagen.

1.4 Krav om konsekvensutgreiing

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova, og etter kommunen si vurdering er det ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing. Ein vurderer at planen ikkje fell inn under §§ 6, 7 eller 8, med bakgrunn i registrert verdiar og planlagde tiltak der ein vurderer at omsyn til miljø og samfunn vil bli tilstrekkeleg teke i betraktning i planarbeidet. Gjeldande plan regulerer i all hovudsak arealet til offentleg/privat tenesteyting, og ny plan går ikkje vesentleg ut over rammene i gjeldande plan.

2 Planprosessen

2.1 Planprosessen

Planinitiativ er dagsett 08.02.2024, og oppstartsmøte vart halde den 05.03.2024 med tilbakemelding om at det kan meldast oppstart av planarbeidet.

2.2 Medverknad og varsel om oppstart

Oppstartsmelding vart varsla den 07.05.2024 i Haugesunds Avis, og 08.05.2024 i lokalavisa Vestavind. Det kom inn 8 merknader, desse er summerte opp og kommentert i kap. 8.


2.3 Avklaringar med offentlege mynde

Det er gjort jamlege avklaringar med Sveio kommune, som tiltakshavar i planarbeidet.

MELDING OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR gnr. 40 bnr. 59 m.fl., SVEIO SENTRUM

ABO Plan & Arkitektur Stord AS gir med dette i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 melding om oppstart av arbeid med reguleringsplan for: **Detaljregulering for gnr. 40 bnr. 59 m.fl., Sveio sentrum**. Mellombels plan-ID: 2024901.

I gjeldande kommuneplan for Sveio sentrum er området sett av til offentlig tenesteyting og sentrumsformål. Gjeldande plan, Detaljregulering badeanlegg i Sveio sentrum, gnr. 40, bnr. 59, 93 m.fl., syner arealet til offentlig tenesteyting, med krav om etablering av badeanlegg. Gjeldande plan vert oppheva når planen vert vedteken, jf. pbl § 12-14. Planområdet er om lag 18 daa.



Detaljreguleringa sitt hovudformål er å legge til rette for etablering av ulike offentlege formål med tilkomstveg og tilhøyrande parkering, samt vidare utvikling av kringliggjande område innanfor planen. Delar av arealet er tenkt nytta til ny kommunal barnehage.

Då planframlegget har liten utstrekning og tidlegare har vore regulert til utbyggingsformål, vart det avklart i oppstartsmøtet at arbeidet ikkje utløyser krav om KU etter konsekvensforskrifta.

Planarbeidet blir utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Sveio kommune, drift og anlegg.

Sjå ABO Plan & Arkitektur eller Sveio kommune si nettside for meir informasjon om saka. Her finn de og planinitiativ og referat frå oppstartsmøte.

Innspel, opplysningar og merknader som bør leggst til grunn for planlegginga kan sendes til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Pb. 32, 5401 Stord eller poststord@abo-ark.no/hageberg@abo-ark.no

Merknader skal sendast skriftleg innan: **09.06.2024**.



Figur 2 Oppstartsannonse

3 Planstatus og rammeføresetnader

3.1 Overordna planar

Kommunen si planlegging må henga saman med dei lovene, forskriftene, føresegnene og retningslinjene som gjeld for kommunal planlegging og verksemd. Ein føresettt at desse er ivaretekne under planprosessen, og av dei mest sentrale kan desse nemnast:

3.1.1 Nasjonale føringar, overordna rammer og retningslinjer

- Plan- og bygningslova
- Statlege retningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, kgl.res. 28.05.2021
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Folkehelseperspektivet
- NVE sine retningslinjer
- Meld. St. 33 (2012 – 2013) Klimatilpasning i Norge
- Meld. St. 14 (2015 – 2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Meld. St. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken
- Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, kgl. res. 20.06.2023
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, kr. pr.res. 4.9.09
- NVEs retningslinjer nr. 2/2011, Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.14.
- Rundskriv, T-2/08- Miljøverndepartementet, Om barn og planlegging.
- Handlingsplan Norge universelt utformet 2025

3.1.2 Fylkeskommunale planar og regionale føringar

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2026 - fleire gode leveår for alle
- Handlingsprogram for folkehelse 2022–2025
- Regional plan for kultur 2023 - 2035
- Regional transportplan 2022 – 2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for areal og transport på Haugalandet 2016
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033
- Regional plan for klima 2022-2035 (Vestland fylkeskommune)
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion
- Rammeplan 2021 - 2024 avkøyrsløse og byggegrense (Vestland fylkeskommune)
- Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi
- Plaststrategi - ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2030


3.1.3 Kommuneplanens arealdel ev. kommunedelplanar

- Kommuneplanen sin arealdel 2011 - 2023
- Kommuneplanen sin arealdel (under arbeid)
- Kommunedelplan for Sveio sentrum 2023 - 2035


- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommunedelplan for kulturminne 2015 – 2027
- Energi- og klimaplan 2011 – 2016

3.2 Gjeldande planar for området

I gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum 2023 – 2035 er planområdet sett av til offentlig tenesteyting, o_BOP og delar i nord er sett av til sentrumsformål, BS. Gjeldande plan for området er «Detaljregulering badeanlegg i Sveio sentrum, gnr. 40, bnr. 59, 93 m.fl.», planID 2019001. Denne syner arealet til offentlig tenesteyting, med krav om etablering av badeanlegg samt at delar av arealet kan nyttast til andre offentlege eller private tenester og funksjonar, nordre del av området er regulert til kombinerte føremål B/F/K – bustad/forretning/kontor.



Figur 3 Utsnitt frå kommunedelplan Sveio sentrum




Figur 4 Gjeldande detaljregulering, 2019001

3.3 Eventuelle planar som heilt eller delvis skal erstattast

Planforslaget vil erstatte heile plan 2019001.

3.4 Tilgrensande planar i nærleiken og som har innverknad på saka

Planområdet grensar til plan 1997002 i nord-vest, Bustadområde – gnr. 40, bnr. 7, området er regulert til bustadområde. Sør-aust for planområdet ligg ein mindre plan for bustad, 2013006, Privat detaljregulering, Jansafeltet, gnr. 40, bnr. 2 og 4.



Figur 5 Tilgrensande reguleringsplanar, 1997002 og 2013006

3.5 Temaplanar

- Temaplan for fysisk aktivitet 2023 – 2027
- Trafikksikringsplan for Sveio 2017 – 2028
- Vassforsyningsplan for Sveio kommune 2012 – 2023
- Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 - 2020
- Barnehagebruksplan 2016 - 2026


4 Dagens situasjon

4.1 Topografi og landskap

Planområdet er del av landskapsregionen Ytre fjordbygder på Vestlandet, underregion Sveio/Haugalandet. Tidlegare Hordaland fylkeskommune har kartlagt landskapstypar og verdsett desse i heile Hordaland. I følgje kartleggingar er Sveio sentrum omfatta av Ytre fjordbygder på Vestlandet, Vågsvatn av middels verdi (namn: Vigdarvatn). Landskapskarakteren er skildra som *stort sammenhengende vann bundet sammen av smalere sund. Oppbrutt, småkollete terrengformer med lynchhei, beitemark og lauvskog. Spredt gårdsbebyggelse. Tettstedet Sveio.*

Dei mest markante landemerka i sentrum er kyrkja og Sveioåsen som er ein viktig silhuett i det overordna landskapsrommet. Sentrumsområdet er påverka av nyare busetnad og tiltak, slik at landskapet har endra sin karakter i forhold til tidlegare tider, då området i hovudsak var prega av jordbruksverksemd og spreidd gardsbusetnad. Dei viktigaste funksjonelle sidene ved Sveio sentrum trer tydeleg fram i gatestruktur og typologi med korte kryssande linjer rundt sentralpunktet i sentrum. Innanfor desse relativt korte langsgåande og tversgåande avstandane ligg tyngda av dei viktigaste funksjonane samla, som kyrkje, rådhus, skule, helse, barnehage og detaljhandel mm.

Planområdet er relativt flatt, skrånande mot vest, og består av opparbeidde jorde som er nytta til grovfôr i vest og opparbeida parkering i nordaust. Landskapsrommet i planområdet strekk seg i frå Steinshaugen og ned til reser som går vidare ned til Vigdarvatnet, og har i tillegg ei nord-sør akse som strekk seg i frå kommunehuset i nord og ned til eit gammalt verkstadbygg i sør. I det nære landskapet er Sveio kyrkje sentral.



Figur 6 Dagens situasjon vist i 3D, sett frå sør. Kjelde: kommunekart.com

4.1.1 Estetisk og kulturell verdi

Planområdet ligg tett opp mot Sveio sentrum, som ei ubyggd lunge av dyrka mark. Delar av arealet mot nord vert nytta til parkering for tilsette ved kommunehuset samt ved arrangement i kyrkja. Planområdet er opent, med svak helling mot sør-vest.

Sveio kyrkje ligg tett på planområdet, på motsett sida av fv. 541. I følgje bygningsdata, FKB, er møne på kyrkja ca. 14 m høgt (kote +43) og tårnet ruvar ytterlegare nokre meter over dette. Kyrkja er eit sentralt element i Sveio sentrum og gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum legg føringar for bruk av areal kring kyrkja.



Figur 7 Utsikt mot kyrkja frå sør, frå fv. 47, Tittelsnesvegen, kjelde Google Map

4.1.2 Soltilhøva og naboforhold

Soltilhøva i planområdet er gode, då landskapet er ope og fritt og det er lite fjell og store bygningar i nærleiken. Delar av planområdet i sørvest ligg tett på eksisterande einebustadar. Einebustadane er vendt mot sør, og vekk frå planområdet.

4.2 Kulturminne og kulturmiljø

Miljødirektoratet sin Naturbase syner ingen registreringar av utvalde eller viktige kulturlandskap i området. Det er heller ingen kulturlandskap nemnde i kommunedelplan for kulturminne i planområdet. Riksantikvarens Askeladden viser ingen registrerte kulturminne i planområdet. Det er heller ingen SEFRAC-registrerte bygningar her. I områda utanfor planavgrensinga ligg det fleire kulturminne; Sveio kyrkjestad (ID 85011-3) i frå 1858 i nord, og eit gardstun (ID 240759-0) i frå 1700-talet i sør. Vidare ligg Sveio gamle kyrkjestad (ID 156376) lenger nordvest for planområdet, og ein busettingsstad (ID 110521) søraust.

I samband med oppstart av reguleringsplanarbeid på planområdet i 2012 vart det gjennomført arkeologiske undersøkingar, der det ikkje vart påvist funn av automatisk freda kulturminne. Ved oppstart av planarbeid opplyste Vestland fylkeskommune at ein ikkje ser på dette arealet som eit areal for tilstrekkeleg potensiale for arkeologisk registrering. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området, og føresegnene innehar føringar som tek vare på til no ikkje registrerte kulturminne, jf. kulturminnelova §§ 8, 2. ledd.

Sveio kyrkje og det gamle våningshuset i gardstunet på gnr. 40/4 er i kommunedelplan for kulturminne peika på som prioriterte kulturminne, og er vurderte som klasse A. Dette er kulturmiljø med særleg høg verneverdi som er svært viktig å bevare for ettertida. Sveio kyrkje er ei kyrkje i frå 1858 som er listeført av Riksantikvaren. Våningshuset på gnr. 40/4, som ligg sør for planområdet, er truleg frå siste del av 1700-talet og skildra som Lemstove med uttrekt grind og skut i eine enden. Kyrkja er omfatta av omsynssone H570_31A og bygningane i tunet gnr. 40/4 av omsynssone H570_32A i kommuneplanen.

Deler av omsynssona knytt til Sveio kyrkje går inn i planområdet. Føresegnene til kommuneplanen gir at det ved tiltak innanfor omsynssoner for bevaring av kulturminne og kulturmiljø skal særleg vektleggast omsynet til bevaring av kulturmiljø og kulturminne, så vel automatisk freda som moderne kulturminne. Tiltak som


ødelegg kulturmiljøet eller som undergrev dette, skal i utgangspunktet ikkje tillatast, med mindre tungtvegende omsyn tilseier det.

4.3 Naturmangfald

I Miljødirektoratet si kartteneste Naturbase, er det per september 2024 ingen verneområde innanfor planområdet. Det er ingen registrerte oppføringar for utvalde naturtypar eller prioriterte artar etter naturmangfaldlova innanfor, eller i nærleiken av, området. Det er ingen registrerte naturtypelokalitetar etter Miljødirektoratet si handbok 13 innanfor planområdet. Området er ikkje kartlagd etter NiN-metodikk. I Artsdatabanken si teneste Artskart er det ingen relevante registreringar, då det her berre er registrert artar vurderte som livskraftige i Norsk rødliste for artar 2021; flekkmåler og Stikkelsbærpraktmåler. Utanfor planområdet, i nord, er det registrering av gulvspurv og brushane, som er vurdert som sårbare. Sør for planområdet, ved Vigdarvatnet, er det registrert ei mengd ulike fugleartar, som vipe (kritisk trua), dvergdykker (strekt trua), fiskemåke, sandsvale, hønsehauk og grønnfink (sårbar).

4.4 Naturressursar

I følge berggrunnskart frå Norges geologiske undersøkelse (NGU) består berggrunnen i heile området av skifer og gneis, heterogen, finkorna (kvartsskifer, granatglimmerskifer, kalkspatskifer, amfibolitt, hornblendegneis), ikkje inndelt. Området består av lausmasstype morenemateriale, samanhengande dekke, stadvis med stor mektigheit. Det er ingen registrerte grus- eller pukkressursar i området. Planområdet omfattar ingen registrerte fareområde for ras-/skred, men ligg under marin grense.



Figur 8 Areal under marin grense er synt med rød farge, marin grense er synt med blå stipla linje. Planområdet er markert med rød sirkel. Kjelde: NGU

Området er registrert med moderat til låg radon-aktsemd.

Landbruk

Planområdet er del av eit større område som i NIBIOs Kilden er registrert som fulldyrka jord. Arealet er i dag i bruk til forproduksjon. Arealet heller mot vest og det er ukjent kor stor djupne det er på jordsmonnet. I samband med utbygginga bør matjord takast vare på og brukast til nydyrking eller som jordforbetring andre stadar i kommunen.


Arealet er omdisponerte i kommunedelplanen for Sveio sentrum til område for offentlig tenesteyting og sentrumsføremål. Arealet er i gjeldande plan, 20190001, regulert til offentlig eller privat tenesteyting - badeanlegg.



Figur 9 Klassifisering av type markslag innanfor og ved planområdet (synt med svart stipla linje) Kjelde AR5

4.5 Friluftsliv og folkehelse, barn og unge sine interesser

Det er ingen statleg sikra eller andre registrerte friluftslivsområde innanfor planområdet. Næraste registrering er Vigdarvatnet (FK00006758), som er kartlagt etter Miljødirektoratet si Handbok 25-2004. Områdetypen er strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag, og er vurdert som svært viktig. Sørøst for planområdet er det avsett eit nærturterreng som svært viktig friluftslivsområde, Salamanderparken. Området er verna for stor-salamander og det er etablerte turstiar og kulturminne. Areal innanfor planområdet har liten verdi for friluftsliv og rekreasjon då det i dag er i bruk som dyrka mark, og er ikkje nytta til friluftsliv og rekreasjon, heller ikkje til vinteraktivitetar.



Figur 10 Utsnitt frå fylkesatlas som syner kartlagde friluftsområde i nærleiken. Planområdet er synt med gul farge.

Det er utarbeidd ein eigen rapport om barnetråkk i Sveio, datert februar 2018. I følgje rapporten har kartlegginga av barn og unge sine aktivitetar i nærmiljøet hatt til hensikt å synleggjera areal eigna for å skapa gode oppvekstmiljø og levekår. Med kunnskap om kor desse viktige områda er kan kommunen sikra dei mot utbygging og leggja til rette for god tilkomst, trygge skuleveggar, grønne lunger, turstiar og naturlege leikeareal.

Rapporten slår fast at barnetråkkregistreringa er med på å oppfylle lovkrava om å sikra barn og unge sine interesser og samtidig skaffa eit godt kunnskapsgrunnlag for framtidige planprosessar.

Det er gjort nokre registreringar i, og like i nærleiken av, planområdet, både positive og negative;

- 5. trinn: fin bygning, fin stad, mørkt (mot Mannabergvegen) og aking/ski sør for planområdet
- 8. trinn: trafikk (krysset Sveiogata-Mannabergvegen)
- 10. trinn: vil endre til å ha klesbutikk og matbutikk



Figur 11 Registreringar gjort av Sveio barneskule. Planområdet merka med raud boks.

Det er ikkje registrert areal som vert nytta til leik innanfor planområdet. Det dyrka arealet vert nytta av nokre skuleborn som snarveg til- og frå skulen og resten av sentrum, men det er i utgangspunktet gode tilkomst-moglegheiter via andre eksisterande veg- og gangsystem.

4.6 Trafikkforhold

Veg og trafikk

Planområdet omfattar fv. 541, Sveiogata, og den kommunale vegen Mannabergvegen. Det er etablert fortau /gang- og sykkelveg på sørsida av fv. 541 forbi planområdet. Det er etablert fartshumpar i Sveiogata, der éin av dei er etablert innanfor planområdet.



Figur 12 Foto av eksisterande fortau/gang- og sykkelveg ved planområdet

Fartsgrensa langs fv. 541 Sveiogata er 40 km/t fram til like vest for kyrkja, der den aukar til 50 km/t. Trafikkmengda (ÅDT) på fv. 541 er i følge Statens vegvesen sitt Vegkart 1500 fram til krysset ved Mannabergvegen, og 2000 vidare nord-austover. Del lange køyretøy er 5%. Fv. 541 er i dag opparbeid med ei omtrentleg breidd på 6,2 meter.


Det er registrert tre trafikkulykker på strekinga langs planområdet i tidsrommet mellom 1991 til 2019, ingen nyare enn 2019. Dette er ei ulykke med moped som har velta i køyrebana, ein MC utfor vegbana og eit samanstøyt mellom sykkel og varebil ved kryssande køyreretning. I tillegg er det nokre ulykker nord for området der moped og bil er involvert.



Figur 13 Oversikt over registrerte trafikkulykker i Sveiogata. Planområdet illustrert med raud markering

Kommunedelplan for Sveio sentrum definerer fv. 541 gjennom sentrum, i frå kyrkja til Vigdartun, som ei miljøgate. Kommunen har per i dag ikkje fastsett normalprofil for miljøgata, men det skal leggjast vekt på universell tilgjenge, tilrettelegging for mjuke trafikantar og estetisk utforming.

Det er opparbeida busstopp langs Sveiogata, desse ligg om lag 150 m nord for området, og 100 m sør for området.



Figur 14 Eksisterande busstopp langs Sveiogata. Planområdet er illustrert med raud markering

Parkering


Det er opparbeidd to parkeringsareal innanfor planområdet i dag, som vert nytta av tilsette i kommunehuset og besøkande i kyrkja, gravplassen og Soknehuset. Den største parkeringsplassen rommar om lag 40 bilar. For dagens bruk av rådhuset er det eit behov på om lag 40 parkeringsplassar knytt til tilsette og besøkande på rådhuset. I tillegg er det behov for parkering i samband med arrangement i kyrkja.



Figur 15 Bilete som syner delar av dagens parkeringsareal ved kyrkja og rådhuset.

4.7 Teknisk infrastruktur

Det går fleire offentlege vass- og avløpsleidningar i planområdet, sjå figur under. Her er vassleidningar med dimensjon 40, 75, 110 og 160 mm. Avløpsleidningane har dimensjon 160 mm. I tillegg går det ein eldre, privat overvassleidning i frå nordaust til sørvest, som tar unna overvatn i frå området ved kommunehuset og Sveigata.



Figur 16 Offentlege VA-leidningar i området er vist med lyseblå og svarte linjer. Blå piler syner fallretning for overvatn.

I følgje kommunen er det god kapasitet på eksisterande vass- og spillvassleidningar i området. Ein må ta høgde for at dei eksisterande leidningane må leggjast noko om i samband med utbygging i planområdet, der ein òg må ta omsyn til framtidig bustadbygging lengre aust/søraust i Mannabergvegen.

4.8 Næring og tenester

Planområdet omfattar i dag ingen form for næringsverksemd. Området ligg i nær tilknytning til Sveio sentrum, som ei naturleg sentrumsutstrekning mot sør. I Sveio sentrum finn ein mellom anna fleire daglegvarebutikkar, handlesenter, skular og ulike service-tilbod som kommunehus, bank, legekontor, bibliotek m.m.

Skule- og barnehagekapasitet

Sveio har god kapasitet på skulane i området. Det er ikkje planlagt for nye bustadbygg innanfor området. Eksisterande kommunal barnehage ligg i Åsvegen, denne har behov for større oppgraderingar for å stetta dagens standardkrav.

Sosial infrastruktur

Planområdet omfattar frå før delar av Sveio kommunehus, samt eit mindre areal som ligg i tilknytning til forretningsareal langs Sveiogata. Delar av arealet sør for Mannabergvegen er i bruk til parkeringsareal for tilsette på kommunehuset og ved arrangement i kyrkja. Mannabergvegen går gjennom området, her er det på ei mindre strekning opparbeida fortau. Langs Sveiogata er det opparbeida fortau/gang- og sykkelveg langs planområdet. Resterande del av planområdet er dyrka mark.

4.9 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

I plan- og bygningslova § 4-3 vert det stilt krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken blir ivarettatt og følgt opp. For å kunna redusera omfang av skader og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Gjennomgang av moglege uønska hendingar i dette kapittelet er gjort med utgangspunkt i eksisterande situasjon. Sjå kap. 5.9 og 7.1 for ROS-analyse av framlagt planforslag. Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

4.9.1 Metode

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*, utarbeida av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017, og følger krav frå TEK17. ROS-analysen følger også til dels akseptkriteria til Sveio kommune.

Risiko = Sannsyn x Konsekvens => Kombinasjon av sannsyn og verknad av ei hending

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er ei vurdering av:

- Moglege uønskte hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskt hendinga vil inntreffe
- Sårbarheit ved systema kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil få
- Usikkerheita ved vurderingane

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar er utgangspunktet for konsekvensvurderingane i ROS-analysen. I analysen har ein vurdert liv og helse, tryggleik/stabilitet, samt eigedom/materielle verdiar. Tryggleik omfattar befolkningas tryggleik og samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og vert knytt til konsekvenstypen «Stabilitet». ROS-analysen følger TEK17 (kap. 7) sikkerheitsklassar for naturpåkjenningar på

bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar. Basert på sikkerheitsklassen som utbyggingsføremålet høyrer til er det angitt ein nominell årleg sannsyn.

I ROS-analysen vert sannsyn brukt som et mål for kor truleg det er at ei bestemt uønskt hending vil inntreffe innanfor området som det er utført ROS-analyse for, basert på vårt kunnskapsgrunnlag. ROS-analysen er dels utført etter Sveio kommune sine akseptkriterier, men tilpassa dagens forskrifter og rettleiarar. Det er valt å ikkje sette sannsyn eller konsekvens for dei tema ein vurderer til å ikkje vera relevant.

Tabell 1. Sannsyn for kor ofte ei hending kan forventast å inntreffe (frekvens).

	Sannsyn	Frekvens	TEK 17
1	Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år	S1/F1
2	Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år	S1/F1
3	Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år	S1/F2
4	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år	S2/F2
5	Usannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år	S3

Tabell 2. Konsekvens; Omfanget av skadar som samfunnet blir påført av ei hending.

	Konsekvens	Liv og helse
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming.
2	Ein viss fare	Få og små personskadar. Fråvær som krev kortare sjukemelding/-fråvær.
3	Alvorleg/farleg	Få, men alvorlege personskadar. Mange mindre personskadar (fleire enn 10)
4	Kritisk	Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil 5 dødsfall
5	Katastrofal	Fleire enn 10 alvorleg skadde personar eller fleire enn 5 dødsfall
	Konsekvens	Stabilitet
1	Ufarleg/ubetydeleg	Produksjonsstans under 1 veke
2	Ein viss fare	Produksjonsstans under 3 veke
3	Alvorleg/farleg	Produksjonsstans over 3 veke
4	Kritisk	Produksjonsstans i over 2 månader
5	Katastrofal	Produksjonsstans over 1 år
	Konsekvens	Ytre miljø (luft, vatn og grunn)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbeta av naturen sjølv etter kort tid
2	Ein viss fare	Miljøskadar, kort restitusjonstid
3	Alvorleg/farleg	Miljøskadar, < 1 års restitusjon
4	Kritisk	Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon
5	Katastrofal	Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade
	Konsekvens	Materielle verdiar
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 500.000 kr
2	Ein viss fare	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, inntil 5 mill. kr
3	Alvorleg/farleg	Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, inntil 10 mill. kr
4	Kritisk	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, inntil 25 mill. kr
5	Katastrofal	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 25 mill. kr

Tabell 3. Risikomatrise. Kombinasjon av sannsyn og konsekvens.

		HELSE OG LIV					STABILITET OG YTRE MILJØ					MATERIELLE VERDIAR				
Sannsyn	1	1.1	1.2.	1.3	1.4	1.5	1.1	1.2.	1.3	1.4	1.5	1.1	1.2.	1.3	1.4	1.5
	2	2.1	2.2.	2.3	2.4	2.5	2.1	2.2.	2.3	2.4	2.5	2.1	2.2.	2.3	2.4	2.5
	3	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5
	4	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5
	5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
Konsekvens																

4.9.2 Risikomatrise (vurdering av alle relevante forhold) dagens tilhøve

Type hending	Kategori	Uønskete hendingar	Nr	Vurdering	Helse og liv	Stabilitet	Ytre miljø	Materielle verdier
Naturhendingar	Ekstremvær	Sterk vind	1	I vindkart for Norge, er planområdet vist med årleg middelvind mellom 7-8 m/s. (temakart.nve.no). Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan medføre skog og bygningsskade. Skadar som oppstår er gjerne som følge av lausrivne bygnings-element og rotvelta skog. Sterk vind er ikkje vurdert å utgjera ei fare for planområdet.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Store nedbørsmengder	2	Området er ikkje særleg nedbørsutsett. Gjennomsnittleg årsnedbør 1000 – 1500 mm, ref. senorge.no. Klimaendringane er venta å føre til auka mengd nedbør, samt hyppigare intense nedbørsperiodar. Auka frekvens med intense nedbørsperiodar med mykje nedbør på kort tid er venta å føra til auka materielle skadar. Det går ikkje elv/vassdrag gjennom eller i nærleiken av området.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Springflo/stormflo	3	Planområdet ligg ikkje nær sjø.				
	Flaumfare	Flom i elv/bekk	4	Det går ikkje elv/vassdrag gjennom eller i nærleiken av området.				
		Flom i vassdrag/innsjø	5	Sjå punkt 4 over. Det er ikkje innsjø i planområdet.				
		Urban flaum/overvasshandtering	6	Området består av jordbruksareal utan tekniske inngrep, samt noko vegareal og delvis utbygde område i nord. Det er lite harde flater i planområdet, og faren for urban flaum er vurdert som liten, og overvasshandtering til drenerande masser.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Springflo/Stormflo	7	Planområdet ligg ikkje til sjø.				

Andre uønskt hendingar	Skredfare	Steinsprang	8	Planområdet er ikkje vist som aktsemdsområde i NVEs Atlas. Det er ikkje skråningar i eller rundt planområdet som er vurdert som utløyning- eller utløpsområde for steinsprang.	4.1	4.1	4.1	4.1
		Lausmasseskred	9	Det er ikkje registrert faresone for skred i bratt terreng (lausmasseskred) eller aktsemdsområde for jord- og flaumskred i planområdet.	4.1	4.1	4.1	4.1
		Is og snøskred	10	Det er ikkje registrert aktsemdsområde for snøskred i planområdet.	4.1	4.1	4.1	4.1
		Kvikkleireskred	11	Sjå kap. 4.4 Innanfor området kan det finnast marin leire, då området ligg under marin grense. Det er ikkje registrert marin strandavsetning i området, som kan indikere kvikkleire. Det er gjennomført djupnemålingar i området, som syner < 2 m til fjell.	4.3	4.2	4.2	4.2
	Byggegrunn	Setningar og utglidingar	12	Det er ikkje eksisterande fyllingar eller murar innanfor planområdet som kan gje fare for setningar og utglidingar.				
		Forureina grunn	13	Det er ingen registreringar av forureina grunn i området. Det er ikkje vore drive verksemd på området som tilseier at det kan vera forureina grunn her.				
		Radon	14	Området er registrert med moderat til lav radon-aktsemd i NGU sitt aktsemdskart for radon.	2.1	2.1	2.1	2.1
	Forureining	Drikkevasskjelde (brønnar etc.)	16	Det er ikkje registrert drikkevasskjelder innanfor planområdet				
		Badevatn, fiskevatn, vassdrag o.l	17	Det er ikkje registrert vassdrag innanfor planområdet				
		Nedbørsfelt	18	Det er ikkje avrenning til drikkevasskjelder frå området.				
		Luft - Støv, partiklar/røyk	19	Det er ikkje kjende problemstillingar i tilknytning til luft- og støv i området.				
		Stråling	20	Det går ikkje høgspenkabel i luft i området eller andre tekniske installasjonar som kan føre til stråling.				
		Støy	21	Området kan vera utsett for støy frå fylkesvegen, Sveiogata, som går langs planområdets nordre del.	3.1	3.1	3.1	3.1
	Transport	Ulykker på veg	22	Det er registrert ulykker i Sveiogata, sjå kap. 4.6. Vegstrekket er oversiktleg, med fartsgrense 40/50 km/t og einssidig fortau/gang- og sykkelveg. Det er alltid ei generell fare for trafikkulykker.	2.2	2.1	2.1	2.2
		Ulykker på bane, luft og sjø	23	Ikkje relevant då det ikkje er bane eller flyplass i nærleiken eller sjø i planområdet.				
		Utslepp av farleg stoff	24	Det går ikkje føre transport som kan føre til utslepp av farleg stoff i planområdet.				
		Støy	25	I Statens vegvesen sitt støyvarselkart er det synt gul støysone (H220) langs fv. 541, iht. T-1442.	3.1	3.1	3.1	3.1
	Næringsverksemd	Utslepp av farleg stoff	26	Det går ikkje føre aktivitetar som kan føre til utslepp av farleg stoff i planområdet.				
		Akutt forureining	27	Det går ikkje føre aktivitetar som kan føre til akutt forureining i planområdet.				
		Brann, eksplosjon i industri	28	Det går ikkje føre aktivitetar som kan føre til brann, eksplosjon i nærleiken til planområdet.				
	Brannfare	Skog- og vegetasjonsbrann	29	Det er lite vegetasjon i nærområdet til planområdet, og det er såleis liten fare for skog- og vegetasjonsbrann.	3.1	3.1	3.2	3.1

		Brannfare i bygningar	30	Det er ikkje bygningar innanfor området.				
	Eksplsjonsfare	Eksplsjon i industriverksemd	31	Det går ikkje føre aktivitetar som kan føre til eksplsjon i nærområdet til planområdet.				
	Beredskap	Brann	32	Sveio brannstasjon ligg i Leitevegen, om lag 1,0 km nordaust for planområdet. Området er vurdert som tilstrekkeleg dekt av brann- og redningsetatar.				
		Ambulanse	33	Planområdet vert dekket av Haugesund interkommunale legevakt i Haugesund. Næraste sjukehus ligg i Haugesund. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekt av nødhjelpsetatar.				

Kjeldebruk: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, DSB Veileder Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging. Metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen.
www.fylkesatlas.no (temakart)
www.ngu.no
www.nve.no (temakart)

ROS-analysen dekker her eksisterande situasjon og er undersøkt med utgangspunkt i kjente databasar, sjå kjeldebruk. Tiltakshavar i området har bistått med lokalkunnskap om området. Usikkerheita i datagrunnlaget er vurdert til å vera tilstrekkeleg for vurdering av eksisterande situasjon og i forhold til 0-alternativet (dagens/uendra situasjon).

5 Skildring av planframlegget

5.1 Planlagt arealbruk


Planområdet er rett i overkant av 18 daa og fordeler seg slik på dei ulike planføremåla:

Tabell 4 Arealoversikt

Føremål	SOSI-kode	Storleik, dekar
Offentleg eller privat tenesteyting	1160	3,3
Barnehage	1161	4,6
Renovasjonsanlegg	1550	0,1
Bustad/forretning/kontor	1802	0,7
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal)	2001	0,1
Veg	2010	3,2
Fortau	2012	0,8
Gang-/sykkelveg	2015	0,9
Anna veggrunn – grøntareal	2019	0,6
Parkeringsplassar	2082	2,4
Angitte samferdselsanlegg og/eller infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudføremål	2900	0,6
Blå/grønstruktur	3002	0,9

Totalt ca.: 18,1 daa

Omsynssoner / bestemmelsesområde	
H140 – Frisiktsone	0,1
H220 – Gul sone ihht. T-1442	9,6
H370 – Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)	1,8
H410 – Krav som gjeld infrastruktur	1,2
H570 – Bevaring kulturmiljø	6,1



Figur 17 Plankart datert 06.01.2026

5.2 Generelle føringar for planområdet

5.2.1 Tilpassing i landskapet og omgjevnadane

Planerte høgder på areala skal vera tilpassa tilgrensande terreng og landskap. Nye bygningar skal inneha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til bygningen sin funksjon, samt bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Ein skal spesielt ta omsyn til nærleiken til Sveio kyrkje.

5.2.2 Parkering

Parkeringskrava i kommunedelplan for Sveio sentrum er lagt til grunn for planarbeidet. Det er lagt opp til regulering av eksisterande område nytta til parkering, samt utviding av dette arealet. I tillegg er det regulert for eige parkeringsareal til barnehagetomta. Illustrasjon av oppstillingsplassar i plankartet syner utforming og omfang av parkeringsarealet. Innanfor T1-2 og B/F/K skal parkering løysast på dei einskilde tomtene. Parkering for barnehagetomta er regulert som o_PP2.

5.2.3 Miljøoppfølging

Bygga skal lokaliserast og utformast med omsyn til energieffektivitet og fleksible energiløysingar. Delar av matjordar kan brukast til opparbeiding av grøntareal i planområdet. Resten skal brukast vidare i landbruksproduksjon, til jordforbetring eller ved nydyrking.

Om det vert avdekkja framande planteartar før eller under anleggsperioden skal det vidare arbeidet gjennomførast i samsvar med plan for bekjempelse. Anleggsutstyr som er bruk andre stadar skal vaskast før arbeid i området for å unngå overføring av framande artar.

Handtering av overvatn skal løysast ved hjelp av infiltrasjon eller fordrøying, med overløp til overvassleidning langs Sveiogata, ev. i sør-vest mot Vigdarvatnet.

Støytilhøva er vurdert, og det skal i samband med byggjesak dokumenterast tilfredsstillande støynivå mot fylkesveg 541, Sveiogata i samband med utbygging av barnehage innanfor området. Retningslinje T-1442/2021 skal leggjast til grunn.

5.2.4 Universell utforming

Prinsippa om universell utforming skal ligga til grunn for all utbygging på området. Nye bygg og anlegg retta mot publikum skal vera universelt utforma. Kravet gjeld òg utomhusareal som t.d. trafikk-, parkering-, gang- og opphaldsareal. Korleis krava om universell utforming vert teke i vare skal dokumenterast i søknad om etablering av tiltak.

Ved tilplanting i området skal ein ikkje nytte pollenrike tre eller plantar.

5.2.5 Uteopphaldsareal

Uteopphaldsareal skal opparbeidast i samsvar med krav sett i gjeldande tekniske forskrift, og vera lyssett og universelt utforma.

Uteområdet til barnehagen skal vera lett tilgjengeleg med trygg og trafikk sikker tilkomst, det skal vera tilfredsstillande sol- og lystilhøve, og vera skjerma for vind og kald luft. Området skal vera skjerma mot støy over grenseverdiane i gjeldande støyretningslinje T-1442. Uteområdet skal opparbeidast med moglegheit for variert leik til ulike årstider, sosiale møteplassar, variert terreng, topografi og innslag av naturelement. Utomhusarealet skal motivere til kreativ leik og utfolding.

5.3 Område for bygningar og anlegg

5.3.1 Offentleg eller privat tenesteyting, T1

Innanfor arealet avsett til T1, kan det etablerast ulike typar offentleg eller privat tenesteyting som for eksempel fysioterapi, kiropraktor, frisør, hudpleie, fotpleie, legesenter, lege, tannlege og anna konsulent-verksemd.

Føresegnene for utnytting frå gjeldande reguleringsplan er vidareført i planen. Maks %-BYA er sett til 90 %, inkludert areal til parkering. Det skal søkjast kompakte løysingar for bygd areal, samstundes som det skal sikrast gode uterom og parkliknande anlegg. Ubygd del av tomta skal gjevast ei tiltalende utforming, med gode dekkemateriale og vegetasjon. Prinsipp om universell utforming skal leggjast til grunn for utforming av nye uteareal og tilkomstsoner, jf. gjeldande teknisk forskrift.

Maksimal byggehøgde er sett til kote +39. Det kan førast opp bygg i inntil 2 etasjar pluss kjellar. Tilkomst til ev. p-kjellar kan etablerast i vest.

Føresegnene gir at nye bygningar skal inneha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til bygningen sin funksjon, samt bygde og naturlege omgjevnadar og plassering. Bygning(ane) skal vidare ha god kvalitet på materiale, der det primært skal nyttast naturmateriale- og fargar. På listverk og karmtre kan det nyttast kontrastfargar. Bygningar som er samanbygde, skal ha same farge og ein samstemt materialbruk på tak og vegg.

Det skal sikrast tilstrekkeleg parkering, samt utforming av desse, jf. krav sett i gjeldande byggteknisk forskrift. Ved søknad om løyve til bygningar og anlegg skal det dokumenterast etablering av minimum 0,5 plassar for bil og 0,2 plassar for sykkel per 50 m² BRA. Minst 5% av parkeringsplassane skal vera handikaptilpassa. Parkering kan etablerast som felles parkering i bygg eller som opne parkeringsplassar. Parkeringsareala skal opparbeidast med estetisk omsyn til mellom anna belysning og planting.

5.3.2 Offentleg eller privat tenesteyting, o_T2

Delar av Sveio kommunehus ligg innanfor arealet avsett til o_T2, og skal nyttast til offentleg administrasjon. Arealet blir i dag òg nytta til parkering for tilsette ved kommunehuset. Delen av rådhuset som ligg her er i

dårleg stand, og det vil på eit tidspunkt bli naudsynt å oppgradere bygningsmassen/bygge ny bygningsdel her. Grunna dette har ein valt å halde arealet relativt ope, og vidareført føresegnene frå gjeldande plan, der tillaten maks BYA er sett til 90 %, inkludert areal til parkering.

Maksimal byggehøgde er sett til 13 meter, målt i frå gjennomsnittleg terrengnivå. Det kan først opp bygg i inntil 3 etasjar pluss kjellar. Nye bygningar skal inneha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til bygningen sin funksjon, samt bygde og naturlege omgjevnadar og plassering. Ubygd del av tomta skal gjevast ei tiltalende utforming, med gode dekkemateriale og vegetasjon.

Det skal sikrast tilstrekkeleg parkering, samt utforming av desse, jf. krav sett i gjeldande byggt teknisk forskrift. Ved søknad om løyve til bygningar og anlegg skal det dokumenterast etablering av minimum 0,5 plassar for bil og 0,2 plassar for sykkel per 50 m² BRA. Minst 5% av parkeringsplassane skal vera handikaptilpassa. Parkering kan etablerast som felles parkering i bygg eller som opne parkeringsplassar. Parkeringsareala skal opparbeidast med estetisk omsyn til mellom anna belysning og planting. Parkeringsplassane kan enten vera innanfor o_T2 eller i form av avtale om bruk av opparbeidde parkeringsplassar reservert for besøkjande/ tilsette i nærleiken.

Mannabergvegen er justert noko ved o_T2, men dagens tilkomstveg i frå Mannabergvegen og til kommunehuset, o_V3, er behalde slik den ligg i dag. Denne vert stundom nytta av ambulansar knytt til legekantoret som ligg i kommunehuset. Eksisterande løysing for vareleveranse er tillate fram til området vert opparbeida. Søknad om løyve for ny bygning(ar) skal syne tilfredsstillande løysing for vareleveranse.

5.3.3 Barnehage, o_BH

Innanfor området kan det først opp offentleg barnehage med inntil 4 avdelingar med tilhøyrande infrastruktur og utomhusareal. I etterkant av godkjent reguleringsplan skal det gjennomførast ein prosjekteringskonkurranse for barnehagen. I konkurransen vert konkret plassering og utforming av området løyst. Planframlegget er difor noko fleksibelt utforma for å skape rom for kreativitet og heilskaplege løysingar gjennom konkurransen for den framtidige barnehagen.

Området skal utformast med eit attraktivt uteområde for borna i barnehagen og for befolkninga for øvrig. Uteområdet skal vera tilgjengeleg for bruk til lek og friluftsliv for befolkninga.

Maks tillate bygd areal innanfor området er 40% BYA. Barnehagebygget kan først opp i inntil 2 etasjar med maks byggehøgde på kote + 35. Gjeldande plan gir opning for maks mønehøgde 15 meter i området. Plassering og utforming av bygningar skal ta omsyn til omgjevnadane, særskilt med tanke på nærliggjande naboar og Sveio kyrkje. Det skal sikrast tilstrekkeleg uteoppfallsareal for barnehagen i samsvar med rettleiande arealnrm. Utforming av utearealet skal skje i samsvar med kunnskapsdepartementet sin rettleiar for utforming av barnehagens uteareal.

Føresegnene gir at nye bygningar skal inneha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til bygningen sin funksjon, samt bygde og naturlege omgjevnadar og plassering. Bygning(ane) skal vidare ha god kvalitet på materiale, der det primært skal nyttast naturmateriale- og fargar. På listverk og karmtre kan det nyttast kontrastfargar. Bygningar som er samanbygde, skal ha same farge og ein samstemt materialbruk på tak og vegg.

Det skal setjast av areal innanfor området til tilstrekkeleg sykkelparkering og avfallsstasjon. Sykkelparkeringa skal ha tilstrekkeleg kapasitet for personale og for levering/henting av barn, den skal i tillegg vera mest mogleg skjerma, med tak og le for vind.

Det skal etablerast tett gjerde mot bustadeigedomane i sør-vest som skjerming mot lyd og innsyn frå barnehagen sitt uteområde.

5.3.4 Renovasjonsanlegg, o_RA

Innanfor området kan det plasserast containere i samband med Sveio kommunehus. Det er sett av areal som gir grunnlag for ev. framtidig løysing for nedgravne containere med innkast. Området skal planerast, opparbeidast med fast dekke, og vera lett tilgjengeleg for renovasjonsselskapet. Tilkomst til området er frå Mannabergvegen.

5.3.5 Bustad/forretning/kontor, B/F/K

Arealet kan nyttast til kombinerte bygningar for bustad, forretning og kontor, der 1. etasje er atterhalde forretningar og anna serviceverksemd som t.d. servering. Dette i tråd med kommunedelplan for Sveio sentrum.

Utnyttinga av området er vidareført frå gjeldande reguleringsplan. Maks %-BYA for området er sett til 90 %, inkludert areal til parkering. Sjølv bygningskroppen kan ha opp til 70 % utnyttingsgrad. Maksimal gesimshøgda er sett til 9 meter, målt i frå gateplan (Sveiogata). Det kan førast opp bygg i inntil 3 etasjar pluss kjellar. Framtidige næringsbygg skal ha minst 2 etasjar. Areal ut mot Sveiogata skal tilpassast framtidig miljøgateprofil, som p.t. ikkje er avklart. Miljøgata skal opparbeidast i framtida, for å heve den estetiske kvaliteten og gjere det lettare for trafikkantane, særleg dei gåande. Miljøgata skal auke uteromskvaliteten slik at det vert meir attraktivt å opphalde seg i sentrum.

Det skal setjast av 25 m² areal til leik/grøntareal/uteopphald per bueining, som skal stette krav sett i gjeldande teknisk forskrift. Areal skal vere universelt utforma, opparbeidast som fellesareal, og vera tilrettelagt for aktivitetar som òg vedkjem ungdom og vaksne. Dersom krav til fellesareal kan vera vanskeleg å oppfylle, kan det gjerast avtale om frikjøp.

Det skal sikrast tilstrekkeleg parkering, samt utforming av desse, jf. krav sett i gjeldande byggt teknisk forskrift. Kvar bueining skal ha minst 1 privat parkeringsplass. For nye tiltak skal det setjast krav om at minst 5% av parkeringsplassane skal vera handikaptilpassa. Parkeringsareal skal opparbeidast med estetisk omsyn til mellom anna belysning og planting.

5.4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

5.4.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, o_ST1

Arealet omfattar vegen sitt sideareal, og skal sikre areal til framtidig utviding av Sveiogata. Eksisterande avkjørsler kan framleis nyttast.

5.4.2 Veg, o_V1-4

o_V1 omfattar eksisterande fylkesveg, fv. 541 Sveiogata. Vegen er regulert med 6,3 meter breidde. Sveiogata er i kommunedelplan for Sveio sentrum definert som framtidig miljøgate, frå og med Sveio kyrkje og austover. Vegen er p.t. ikkje detaljregulert eller normalprofil definert.

o_V2 omfattar kommunal veg Mannabergvegen, og skal opparbeidast som synt i plankartet. Mannabergvegen har noko endra trasè i høve dagens utforming. Vegbreidde er regulert til 6 meter, med fortau på begge sider av vegen.

o_V3 er ei eksisterande tilkomst til kommunehuset, avkjørsla skal opparbeidast som synt i plankartet.

o_V4 er ny kommunal tilkomstveg til barnehagen (BH), parkeringsareal (PP1-2) og område for tenesteyting (T1). Vegen er regulert med 6 meter breidde, fortau langs sørsida og maks stigning på 5 %.

5.4.3 Fortau, o_FO1-3

Arealet omfattar offentlege fortau innanfor planområdet. Fortaua skal opparbeidast som synt i plankartet og stette krava til universell utforming. Når o_FO2 vert opparbeida må det etablerast trygge overgangar i avkjørsler til B/F/K.

5.4.4 Gang-/sykkelveg, o_GS1-4

Arealet omfattar offentlege gang-/sykkelvegar innanfor området. Det er regulert gang-/sykkelveg langs fv. 541, Sveiogata, denne er regulert med ei breidde på 3,5 meter. Det er vist ny gang-/sykkelveg frå Sveiogata og inn til barnehageområdet, o_GS3. I tillegg er det vist gang-/sykkelveg vest for barnehagearealet. Denne gir tilkomst frå Sveiogata til bustadområdet i sør.

5.4.5 Anna veggrunn, grøntareal, o_AVG1-8

Areala er regulert som sideareal til vegane, og kan nyttast til støttemurar, rekkverk, lyssetting og grøfter. Vidare kan areala nyttast til snølagring, avkøyrslar, skråningar og skjeringar samt overvasshandtering. Innanfor føremålet er det høve for å etablere anlegg for tekniske innretningar som kablar og vatn- og avløp. Områda kan tilplantast.

5.4.6 Parkeringsplassar, o_PP1-3

Det er regulert inn tre offentlege parkeringsplassar innanfor planområdet. o_PP1 kan nyttast som parkeringsareal for tilsette ved Sveio kommunehus, brukarar ved arrangement i Sveio kyrkje samt gjesteparkering til T1. Innanfor o_PP1 er det illustrert samla 60 parkeringsplassar, der 4 av dei er handikaptilpassa. o_PP1 er regulert i området der eksisterande areal vert nytta til parkering. For å utvide parkeringskapasiteten i området er det regulert utvida parkeringsareal langs Mannabergvegen. Parkeringsareala vil auke parkeringskapasiteten i området.

I tillegg er det regulert eit parkeringsareal, o_PP2 og 3, i tilknytning til barnehagen. Her er det vist 39 plassar, der 4 av dei er handikaptilpassa.

Det kan leggjast til rette for lademoglegheit for ladbar motorvogn og sykkel på parkeringsplassane.

5.4.7 Angitte samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturasear kombinert med andre angitte hovudføremål, o_SAA1-3

Arealføremål samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er her kombinert med andre tilgrensande hovudføremål for å sikre areal til framtidig utviding av fv. 541, Sveiogata, med tilrettelegging for gang-/sykkelveg, fortau og miljøgate. Fram til utvidinga vert opparbeidd, kan areala nyttast til mellombelse tiltak knytt til tilgrensande føremål, primært grøntareal.

5.5 Grøntstruktur

5.5.1 Blå/grøntstruktur, o_BG1-4

Områda skal nyttast for å få inn grønne soner innanfor området. Tilplanting av areala skal gje ein dempende effekt og bryte opp dei asfalterte parkeringsareala. Områda skal og nyttast som naturlege infiltrasjonsområde og for handtering av overflatevatn.

Innanfor BG1 kan det ved inngangsparti til bygg i T1, leggjast til rette for gangsoner frå parkeringsarealet til inngangen..

5.6 Omsynssoner

5.6.1 Frisiktsone, H140

Innanfor frisiktsona skal det til ei kvar tid vera fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytane vegar sitt plan.

5.6.2 Gul sone etter rundskriv T-1442, H220

Det er lagt inn omsynssone for gul støysone etter rundskriv T-1442. Innanfor sona skal det, dersom naudsynt, gjennomførast støyreduserande tiltak for å stette støykrav etter gjeldande teknisk forskrift og T-1442.

5.6.3 Høgspenningsanlegg, H370

Innanfor sona ligg det høgspenkabel i grunnen. Tiltak innanfor sona må avklarast med netteigar på førehand.

5.6.4 Krav som gjeld infrastruktur, H140

Innanfor sona ligg trasé for eksisterande VA-leidningar i grunn. Det kan etablerast veg og parkeringsareal innanfor sona. Det er ikkje tillate å føre opp nye bygningar innanfor sona, før leidningane er lagt om.

5.6.5 Bevaring kulturmiljø, H570

Ved tiltak innanfor omsynssona skal omsynet til bevaring av kulturmiljø og kulturminne, samt automatisk freda som moderne kulturminne, særleg vektleggast. Fagkyndig i kommunen skal kontaktast for ei kulturminne-fagleg vurdering av tiltaka innanfor sona. Tiltak som øydelegg kulturmiljøet, eller undergrev dette, skal i utgangspunktet ikkje tillatast, med mindre tungtvegande omsyn tilseier det. Nye tiltak skal ta særskilde omsyn kva gjeld estetikk, jf. § 2.3.

5.7 Rekkefølgjekrav


Det er lagt inn følgjande rekkefølgjekrav i føresegnene:

- Før løyve til tiltak for nye bygningar blir gjeve, skal teknisk plan vere utarbeidd og godkjent av Sveio kommune.
- Før løyve til etablering av nye bygningar vert gjeve, skal tekniske anlegg, fortau, gangareal, parkeringsplassar og ev. uteopphaldsareal/leikeareal som naturleg høyrer til det utbygde delområdet i planen, vera ferdig opparbeidd.
- Ubygde areal på aktuell tomt skal settast i stand og plantast eller såast til før mellombels bruksløyve/ferdigattest for nye bygningar vert gjeve.
- Sveio Sokneråd skal få høve til å uttale seg i samband med prosjektering av tiltak innanfor BH og T1 – dette i høve til Sveio kyrkje.
- Før bruksløyve for tiltak innanfor BH og T1 vert gjeve skal desse tiltaka vera gjennomført og ferdigstilt:
 - Utbetring av krysstilhøva ved fv. 541 Sveiogata/Mannabergvegen
 - Oppgradering av Mannabergvegen med fortau o_FO1-2
 - Opparbeiding av veg o_V4 med fortau o_FO3, langs o_V4 og o_RA
- Før bruksløyve for barnehagen (BH) vert gjeve skal i tillegg desse tiltaka vera gjennomført og ferdigstilt:
 - Opparbeiding av o_PP2, o_PP3, o_GS3 og o_GS4
 - Støyskjerming mot bustadeigedomane i sør-vest
- Innanfor gul støysone H220 skal naudsynte støyreducerande tiltak vere ferdig etablert før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest for barnehage i området.
- Før igangsetting av tiltak innanfor planområdet skal det vera inngått avtale om gjenbruk av matjord.
- Før ev. utbetring av veg o_V1, avkøyrsløp og gang-/sykkelveg o_GS1-2 ved Sveiogata skal det vera inngått avtale med vegeigar, og teknisk plan skal godkjennast av vegmynde, Vestland fylkeskommune.

5.8 Teknisk infrastruktur

5.8.1 Tilknytting til infrastruktur

Planområdet vert tilknytt overordna vegnett via ny kommunal tilkomstveg frå området ut på den kommunale vegen Mannabergvegen, og vidare ut i oppgradert kryss med fv. 541, Sveiogata. Mannabergvegen er justert noko i høve eksisterande vegareal, og i høve gjeldande reguleringsplan 2019009. Dette grunna ønske om å vidareføre eksisterande fortau på nordsida av Mannabergvegen. Vegbreidda er utvida til 6 meter, og radius og frisikt i krysset er justert i samsvar med handbok N100.



Figur 18 Utsnitt som syner eksisterande veg (grå strek), gjeldande plan (rosa strek) og ny plan (blå strek)

For fv. 541, Sveiogata og prosjektering av krysset med Mannabergvegen har ein nytta vegklasse «Boliggater» med fartsgrense 40 km/t, stoppsikt 30 meter og dimensjonerande køyretøy: lastebil.

5.8.2 Plan for vass- og avløp og dessutan tilknytning til offentleg nett

I samband med utbygging av barnehagen vil det bli lagt nytt offentleg VA-nett frå krysset Mannabergvegen/Sveiogata og fram til nord-vestre hjørne av planområdet. Her i frå vil overvatn verta leia mot Vigdarvatnet, og spillvatnet vert leia vidare på eksisterande spillvassleidning mot vest.

Dei planlagde løysingane er omtala nedanfor og synt på vedlagt overordna VA-plan som ligg vedlagt. Denne VA-planen viser prinsippet og ei mogleg løysing for VA-tilkopling. Skissa viser og framtidig tankar for vidare framføring av VA-leidningar langs Sveiogata.



Figur 19 Forslag til VA-plan, kjelde COWI

Vatn

Det skal leggst ny vassleidning, VL 160 PVC langs Sveiogata, denne koplast til eksisterande VL 160 PVC med ny kum i begge endar. Nye stikkleidningar førast inn til område for barnehage og område for tenesteyting. Vasskummar skal ha brannventil/slökkjevassuttak.

Avløp

Ny spillvassleidning, SP 250 PVC, vert etablert langs Sveiogata og vert kopla til eksisterande offentleg spillvassleidning i vest, med ny kum. Nye stikkleidningar vert ført inn til område for barnehage og område for tenesteyting.

Overvatn

Det er lagt opp til mest mogleg lokal handtering av overvatn. Parkeringsområda må etablerast med fordrøying-magasin i grunnen, før overløp vert kopla til nye overvassleidningar langs Sveiogata. Det er lagt opp til ny overvassleidning langs Sveiogata, OV 500. Overvatn frå barnehagearealet skal handsamast mest mogleg lokalt på området, og fordrøyast i magasin. Det vert lagt opp til ny OV-leidning frå barnehagetomta mot sør til eksisterande OV-leidning mot Vigdarvatnet. Eksisterande OV-leidning har ein dim på 600 mm.

Vegnettet må prosjekterast slik at vegar med grøfteareal har kapasitet til å handtera flaumvatn, samt at tverrfall utformast slik at det ikkje oppstår dammar eller svankar som skapar hindringar for strøymingsmønsteret til overflatenettet.

5.9 Planlagde offentlege anlegg

Tiltak innanfor planområdet er i hovudsak offentlege tiltak. Det skal etablerast ein kommunal barnehage innanfor området, med tilhøyrande parkeringsareal. Det skal og etablerast ny kommunal tilkomstveg med fortau inn til området. Det vert regulert offentleg parkeringsareal innanfor planområdet. Det er ikkje teke stilling til om område T1 skal vera offentleg eller privat. All infrastruktur i området vert bygd ut i offentleg regi.

5.10 Avbøtande tiltak/løysingar, jf. ROS

Planframlegget opnar for planendring i eit område som i dag er regulert til offentleg/privat tenesteyting – badeanlegg. Området er i dag ikkje bygd ut, og det er lite infrastruktur i området. Analyse av dagens situasjon og framtidig situasjon etter realisering av planframlegget er gjennomført i kapittel 4.10 og 7. Desse analysane viser at det er nokre hendingar som er vurdert til å hamne i gul kategori. Desse hendingane er skildra i tabellen under her, med ei vurdering og utgreiing av tiltak og oppfølging gjennom planverktøy, regelverk og ev. andre tiltak.

Nr.	Tiltak, oppfølging gjennom planverktøy og anna
21 – Ulykker på veg	Det er alltid ei generell fare for trafikkulykker, men farten på vegane er låg, 40/50 km/t, og sikttilhøva i kryssa er sikra med frisktlinjer. Planen legg til rette for utbetring av eksisterande tilhøve i området, med fortau langs Mannabergvegen, og organisering av parkeringstilhøva. Ein kan ikkje garantere at personar overheld trafikkreglar eller fartsgrense. Ein kan såleis ikkje sikre seg for menneskeleg svikt. Det er vanskeleg å regulere for avbøtande tiltak eller løysingar for dette utover det som er gjort i planframlegget. ROS-analysen syner difor at det er noko risiko for ulykker av planframlegget.
24 - Støy	Planområdet ligg langs fv. 541 Sveiogata. Det er gjennomført støyvurdering for området. Føresegnene set krav til tiltak då støynivået er over grenseverdiane i T-1442/2021. Det er stilt rekkefølgjekrav til dokumentasjon for at naudsynte støyreduserande tiltak skal vere ferdig etablert før det vert gjeve bruksløyve for barnehagen innanfor gul støysone.

29- Brannfare i bygningar	Bygningar skal dimensjonerast og prosjekterast i samsvar med bygnings- og brannforskrifter. Det er kort avstand til beredskap, og det skal sikrast god tilkomst for utrykkingskøyretøy og tilstrekkeleg slökkjevern. Samstundes er det store summar som vil kunne gå tapt dersom eit bygg brenn ned. Det er vanskeleg å regulere for avbøtande tiltak eller løysingar for dette utover det som er gjort i planframlegget. Med dette som bakgrunn, vil planframlegget ha akseptabel risiko for brannfare.
------------------------------	--

Hovudårsaka til at nokre av hendingane ligg i gult, er at konsekvensen av dei er relativt store sjølv om det er relativt lågt sannsyn. Dei aller fleste tilhøva er akseptable med føresetnad av at tiltaka vert gjennomført i samsvar med lovar og reglar, som t.d. pbl. og byggtknisk forskrift. Planen sikrar nye tiltak etter gjeldande normer og krav. Etter vurderingane i ROS-analysen er planframlegget vurdert til å ha generell låg risiko.

6 Verknader av planframlegget

6.1 Overordna planar

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Retningslinjene gjev at ein skal sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som har fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar. Det skal synast særskilt merksemd for følgjande:

- Areal og anlegg som skal nyttas av born og unge skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare.
- I nærmiljøet skal det finnast areal der born og unge kan utfolda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føreset mellom anna at areala:
 - er store nok og eignar seg for leik og opphald
 - gir mogleik for ulike type leik på ulike årstider
 - kan nyttas av ulike aldersgrupper, og gir mogleik for samhandling mellom barn, unge og vaksne
- Kommunen skal avsette tilstrekkelege, store nok og eigna areal til barnehagar
- Ved omdisponering av areal som i planar er avsett til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna for leik, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal.

Vurdering av planframlegget:

Ny barnehage ligg i eit område som gir gode tilhøve for å sikre borna mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Området rundt barnehagen gir gode moglegheiter for utfolding i organiserte omgjevnadar og i meir frie og urørte naturområde. Borna har moglegheit for å skape eigne leikemiljø, og området gir moglegheit for ulike typar leik på ulike årstider. RPR for barn og unge er lagt til grunn ved val av plassering ny barnehage.

Statleg planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Hensikten med retningslinjene er å sikre ein samordna og berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegginga og medverke til meir effektive planprosessar. Retningslinjene har ein differensiering mellom storbyområda og distriktområda, og skal i større grad bidra til å utvikle berekraftige byar og lokalsamfunn, legge til rette for verdiskaping, bustad- og næringsutvikling, fremme helse, miljø og livskvalitet. Sveio kommune går inn under retningslinjene for kommunar i regionar med større byer.

Vurdering av planframlegget:

Planområdet legg til rette for vidare utvikling av Sveio sentrum mot sør. Området ligg tett opp mot eksisterande sentrumsområde, og langs kollektivåra Sveiogata. Planen legg til rette for etablering av barnehage i eit sentrumsnært område, der ein har gode gang- og sykkeltilkomstar, samt kollektivtilbod. Planen legg og til rette for vidare næringsutvikling i form av offentleg/privat tenesteyting. Det vert og lagt til rette for meir trafiksikker opparbeiding av veg-/fortau- og parkeringsløyising i området.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026

Planen definerer Sveio sentrum som eit kommunesenter.

«Senter er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester. Ein liten tettstad kan vere eit viktig senter fordi den inneheld senterfunksjonar. Sentrumsområdet er det arealet senterfunksjonane er lokalisert innanfor.»

«Føresetnaden for at eit senter skal fungere optimalt er at flest mogleg tilbod og funksjonar er lokalisert innanfor ein gangbar kjerne. Kva som er gangbar kjerne har med avstand og utstrekning å gjere. Gangavstand er eit stabilt omgrep som varierer lite over tid. Store avstandar fører til at senteret i praksis blir delt og at ein nyttar bil mellom ulike funksjonar.»

«I tettstaden rundt eit senter blir gåavstand gjerne rekna som 1 km og sykkelavstand som 5 km.»

Den regionale planen gjev retningsgivande prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester. Det er her definert at barnehage bør etablerast i lokalsenter eller nærsenter.

Vurdering av planframlegget:

Plassering av ny barnehage ligg innanfor 1 km frå tettstadvengrensinga, og er såleis i tråd med Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026. Det er fortau/gang- og sykkelveg til sentrumsfunksjonane samt til busshaldeplassar.

Barnehagebruksplanen 2016 – 2026

Sveio kommune har i dag tre kommunale og fem private barnehagar. Ein av dei kommunale barnehagane er del av eit oppvekstsenter. Den minste barnehagen har 22 plassar og den største har plass til 100 barn.

I barnehagebruksplanen står det:

- Alle nye barnehagar og barnehagar som blir renovert skal være universelt utforma.
- Ved bygging av nye barnehagar og ved renovering av eksisterande barnehagar bør bygga være funksjonelle slik at det er fleksibilitet i høve endring i gruppestørleik og drift.
- Ved bygging av nye barnehagar og renovering av eksisterande barnehagar leggst det opp til at det er areal til å ha følgjande gruppestørrelse:
 - o Små barn: 12/14 barn
 - o Store barn: 24 barn
- Ein av dei kommunale barnehagane, fortrinnsvis lokalisert i Sveio sentrum, bør arealmessig leggst til rette for å kunne ta i mot barn med nedsett funksjonsevne.
- Det bør i løpet av 2016 gjennomførast ei ny runde med godkjenning i høve *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler*. Ansvar for miljøretta helsevern ligg hos eining for helse og omsorg.

I 2016 vart det i Sveio vurdert at etterspurnaden etter barnehageplassar i følgje framskrivinga var venta å ligge på rundt 475 plassar i 2026. Sveio kommune vil då mangle om lag 50 barnehageplassar. Ser ein lengre enn planperioden, så vil etterspurnaden auke ytterlegare.

Vurdering av planframlegget:

Ny barnehage skal vera universelt utforma og leggst til rette for fleksibilitet i høve endringar i gruppestørleik og drift. Det skal leggst til rette for vidare utbygging i eit trinn to for ein tilrettelagt avdeling. Planlegging av barnehage er såleis i tråd med føringane i barnehageplanen.

6.2 Landskap og estetikk

Planområdet er relativt flatt, skrånande mot vest, og består m.a. av opparbeidde jorde som er nytta til grovfôr. Landskapsrommet i planområdet strekk seg i frå Steinshaugen og ned til reset som går vidare ned til Vigdarvatnet, og har i tillegg ei nord-sør akse som strekk seg i frå kommunehuset i nord og ned til eit gammalt verkstadbygg i sør. I det nære landskapet er Sveio kyrkje sentral.



Figur 20 Dagens situasjon, sett frå vest, vist i 3D, kjelde: kommunekart.no

Byggehøgde og utnyttingsgrad for delområda er sett med bakgrunn i gjeldande kommuneplan og reguleringsplan, samt forventa arealbehov innanfor dei ulike delområda. Innanfor alle utbyggingsfelt er det lagt opp til kompakte løysingar og høg utnyttingsgrad. Planforslaget vil medverke til at det tette sentrum vert utvida mot sørvest, og slik medverke til å skape bymessig preg langs Sveiogata. Samstundes vil planen medføre ei lukking av eit området som i dag framstår som visuelt ope og som gir sikt mellom Sveiogata og Vigdarvatnet.

Planen opnar for større bygg, og eksisterande reguleringsplan har opna for bygg med opptil 15 meter byggehøgde. Dette ønskjer ein å redusere noko. Innanfor T1 er det gjeve opning for å bygge i inntil to etasjar, pluss kjellar, med maks byggehøgde på kote + 39. Innanfor T2 er byggehøgde sett til 13 meter. Det kan først opp bygg i inntil 3 etasjar pluss kjellar. Innanfor o_BH – barnehage er det Opna for maks byggehøgde på kote + 35. Maksimal utbygging i tråd med reguleringsplanen vil endra situasjonen for nærliggjande areal i høve til dagens faktiske situasjon. Sett hen til gjeldande planstatus, opnar gjeldande plan for byggehøgde på 15 meter og høg utnytting av areala. Planframlegget avgrensar utbygginga ved bruk av føresegner, byggeføremål, utnyttingsgrad og byggehøgder, men er utover dette fleksibel med omsyn til plassering og utforming av tiltaka innanfor desse rammene. Dette er eit val for å skape rom for kreativitet for å finne gode løysingar i seinare konkurranse basert på reguleringsplanen. Eksisterande parkeringsareal langs Sveiogata vert regulert til parkering, og tilkomstveg til området vil liggja rett sørom denne. Dette vil gjera at området nærast Sveio kyrkje vert noko meir opent enn plangrunnlaget frå 2019.

6.2.1 Sveio kyrkje


Sveio kyrkje ligg tett på planområdet. Forholda til kyrkja vil ikkje verta stort endra som følgje av planendringa. Delar av planområdet i sørvest vil ved planendringa ha ei lågare byggehøgde enn i eksisterande plan. I følgje bygningsdata, FKB, er møne på kyrkja ca. 14 m høgt (kote +43) og tårnet ruvar ytterlegare nokre meter over dette. Kyrkja er eit sentralt element i Sveio sentrum og gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum legg føringar for bruk av areal kring kyrkja. I reguleringsplanen er føringane frå kommunedelplanen vidareført, og i plankartet er det vist omsynssone for kulturmiljø (H570). Fagkyndig i kommunen skal kontaktast for ei kulturminnefagleg vurdering av tiltaka innanfor sona. Det er sett krav til at nye tiltak innanfor sona skal ta særskilde omsyn kva gjeld estetikk. Løysingane for utbygginga av barnehagen og konkrete verknadar for kyrkja vil verta løyst og vurdert som ein del av konkurransen i etterkant av planvedtak.

6.2.2 Naboeigedomar

Nærmaste naboar til planområdet vil også merka ei endring i høve til dagens situasjon, men lite endring i høve eksisterande reguleringsplan. Vestre delar av planområdet ligg tett på eksisterande einestadar. Naboar i sør og vest vil generelt få lite verknadar knytt til solinnfall av nye bygningar, og her ligg bustadane vende vekk frå planområdet. Naboane nord for planområdet vil kunne miste noko utsikt som følgje av utbygginga. Planområdet er frå før avsett til utbyggingsføremål, og naboar må såleis kunne forvente utbygging på arealet. Det er sett byggegrense mot veg og naboeigedomar, maksimal byggehøgde og maksimal utnyttingsgrad i plankartet og føresegnene. Det er og sett krav til etablering av tett gjerde mot bustadeigedomane i sør-vest, som skjerming mot lyd og innsyn frå barnehagen sitt uteområde. I tillegg er det i føresegnene sett krav til at plassering og utforming av tiltak innanfor o_BH skal ta omsyn til nærliggjande naboar. Dette legg viktige føringar for utbygginga som naboane kan vente ei god tilnærming til. Tilgrensande naboar vil også få tilsendt nabovarsel i samband med byggesøknad og har då moglegheit til å gi merknadar til den konkrete utbygginga.

6.3 Kulturminne og kulturmiljø, ev. verneverdi

Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø, SEFRAK-registrerte bygningar eller verna bygningar innanfor planavgrensinga. Det er ikkje steingardar eller andre eldre merker innanfor området.



Figur 21 Utsnitt frå Fylkesatlas.no som syner kulturminne i nærleiken

Nord for planområdet ligg Sveio kyrkje. Det er lagt omsynssone bevaring kulturmiljø rundt kyrkja, der kommunedelplanen sine føringar for eventuelle tiltak innanfor sona er vidareført. Sør for planområdet ligg eit kommunalt listeført våningshus, lemmstove, den har skut i eine enden, nyare overflater, men hovudforma er uendra. Om lag 110 m sør-aust for planområdet ligg eit arkeologisk minne, busettings- aktivitetsområde frå jernalder – middelalder, dette er automatisk freda. Ein vurderer at lemmstova og busettings- og aktivitetsområdet ikkje vil verta særleg påverka av utbygginga. I høve Sveio kyrkje så kan noko av fjernutsikta mot Vigdarvatnet verta redusert, og openheita og utsynet frå kyrkja, langs Sveiogata vert noko redusert etter utbygginga. Dette vil likevel ikkje verta mykje endra i høve gjeldande plansituasjon i området.

6.4 Naturmangfald

Viser til kap. 4.3.

Naturmangfaldlova set krav til at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljørettslege prinsipp). Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlaget (§ 8), "føre-var-prinsippet" (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10). Det er fokus på at kostnadar ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar (§ 11) og at det skal gjerast bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12). Vurdering av konsekvensar for naturmangfald tek utgangspunkt i dei miljørettslege prinsippa.

Utbygging innanfor området vil i hovudsak ha verknad på naturmangfaldet gjennom arealbeslag og terrenginngrep. Det er ingen registrerte verdiar innanfor området. Området består for det meste av fulldyrka jord, maskinelt drive og nytta som fôrproduksjon i lang tid og ein vurderer potensialet for å finne særskilt omsynskrevjande artar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse til å vera lågt. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap og risiko for skade som følgje av planframlegget, ser me det slik at det ikkje naudsynt med nye undersøkingar av naturmangfaldet innanfor planområdet, jf. nml. § 8. Følgeleg får ikkje føre-var-prinsippet anvending, jf. nml. § 9. Vi er ikkje kjende med andre reguleringsplanar i området, og prinsippet om samla belastning i nml. § 10 er vurdert å ha liten relevans. På bakgrunn av eksisterande kunnskap og risiko for skade, vert det lagt mindre vekt på nml. §§ 11 og 12. Etter ei samla vurdering vurderer ein at planen og tiltak etter den ikkje vil vere i konflikt med føresegnene i naturmangfaldlova § 8-12.

Det er ikkje registreringar av framande artar i området, jf. Fremmedartslista 2023,

6.5 Naturressursar

Areal nytta til grasproduksjon er omdisponert i kommunedelplan for Sveio sentrum, og gjeldande reguleringsplan 20190001. Omdisponering frå badeanlegg til areal for barnehage og offentleg og privat

tenesteyting vil ikkje gje meir negative verknader for landbruket enn det som allereie er avklara gjennom gjeldande plan. Planframlegget vil få negative verknader for landbruket, og det aktuelle gardsbruket som nyttar arealet i si drift, men gir ingen negative verknader i forhold til arealføremål som er avklara gjennom kommunedelplanen/reguleringsplan. Tilgrensande landbruksareal er i KDP for Sveio sentrum lagt ut til framtidig bustadareal.

Det er i føresegnene stilt krav til at matjorda innanfor området skal gjenbrukast innanfor landbruksareal i kommunen. Det skal utarbeidast ein plan for handtering av matjorda og gjenbruk av denne. Før igangsetting av tiltak innanfor planområdet skal det vera inngått avtale om gjenbruk av matjord. Delar av matjorda kan nyttast til opparbeiding av grøntareal i planområdet., Resten skal nyttast i landbruksproduksjon, til jordforbetring eller ved nydyrking.

6.6 Friluftsliv og folkehelse, born og unge sine interesser

6.6.1 Rekreasjonsinteresser/friluftslivsinteresser

Planområdet er i dag ikkje tilrettelagt for friluftsliv for ålmenta, då store delar av arealet har vore nytta til dyrka mark. Resterande del av området er nytta til parkeringsareal og veg- og samferdselsanlegg. Ved omregulering av området vert delar av arealet regulert til område for barnehage. Her vil det verta eit uteområde som òg kan nyttast på ettermiddagstid og i helger av ålmenta.

Det er kort veg frå området til nærliggjande friluftsområde – Salamanderparken, Mannaberget. Dette er eit nærturterreng som har svært viktig områdeverdi, og ligg midt i Sveio sentrum. Området er tilrettelagt med turvegar, det inneheld kulturminne og er verna for storsalamander. Det er om lag 130 meter frå planområdet til parken. Dette vil verta eit viktig område for opplevingar i nærområdet til barnehagen. Planområdet ligg og nært opp til eit anna svært viktig friluftslivsområde, Vigdarvatnet. Dette er eit svært viktig område for bading, fiske og båtliv.

Planen vil ikkje vera til hinder for bruk av nærliggjande friluftsområde. Det er vidare regulert gode og trygge gangsoner langs vegane innanfor planområdet, samt vidare langs Sveiogata.

6.6.2 Folkehelse

Folkehelsearbeid skal bidra til fleire leveår og betre levekår for befolkninga, for å jamne ut sosiale helseskilnader og til å skape eit samfunn som er tilgjengeleg for alle. Tidleg oppleving av meistring og tilhøyrslø, og etablering av sunne levevanar er helsefremjande og kan redusere helseforskjellar i vaksen alder. Gode og trygge uteareal verkar positivt på den fysiske, psykiske og sosiale utviklinga hos barn. Leikeplassar og område for fri leik både i nærmiljøet og rundt barnehagar og skular er av verdi for oppvekstvilkåra. Barnehagar skal ha helsevennlege og gode bygg og uteareal.

Barn og unge skal ha moglegheit til å verta kjent med det mangfaldet av ulike aktivitetar og møteplassar som samla er med på å fremja folkehelsa:

- Møteplassar (barn, unge og eldre)
- Opplevingar/sanseinntrykk (ulike naturtypar, arkitektur, form, farge, kino, teater, kultur etc.)
- Varierte aktivitetar sanse, lytte, lese, hoppe, spring, rulle
- Leik i uteområde, skog, mark, park, idrettsanlegg, nærmiljø
- Mangfald i tilgang til sjø, skog, leikeareal, bibliotek, symjebasseng, historiske stadar m.m.

Vi vurderer at plassering og opparbeiding av barnehage innanfor planområdet vil bidra til å sette gode og trygge rammar for barna i barnehagen. Det er sett av plass til trygg og trafikksikker tilkomst og god infrastruktur opp mot eksisterande veg- og gangnett. Arealet ligg nært opp til turområde i skog og til vatn, det skal òg leggjast til rette for varierte aktivitetar og opplevingar i barnehagen sitt uteområdet.

6.6.3 Uteområde og opphaldsareal

Naudsynt effektivt uteareal for barnehagen er minimum ca. 2,1 mål dersom ein tek utgangspunkt i minimum netto uteareal som går frem av merknader til barnehagelova og rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern. Det er likevel ikkje hensiktsmessig å planlegge utearealet med eit utgangspunkt i minimumskrava. For å etablere gode uteareal for både små og store barn trengs det meir areal. Ved ev. framtidig utviding av barnehagen er det òg viktig å ha litt ekstra areal. Ein bør difor leggja til grunn at ein bør ha eit minimum areal på 3 – 3,5 mål.

I området er det lagt til rette for lett tilgang til gangvegnett og offentleg kommunikasjon i nærområdet. Det er regulert gangtilkomst frå barnehagen og ut på hovudnettet for gang- og sykkelveg langs Sveiogata, og det er eksisterande busstopp om lag 150 meter nord for planområdet. Ny tilkomst til barnehageområdet er regulert med fortau. Barnehageområdet skal skjermast mot trafikkareal og støy i Sveiogata. Endeleg utforming og val av type skjerming skal vurderast i samband med prosjektering og planlegging av bygg og utomhusareal.

Barnehagetomta ligg skjerma frå ope vatn og skråningar som kan rase ut, eller andre usikre område. Det er likevel kort avstand til naturområde ved Mannaberget med turstiar, salamanderpark og vidare til idrettsområdet ved skulane. Det er òg kort avstand ned til Vigdarvatnet.

Ved opparbeiding av utearealet og plassering av bygning på tomta vert det viktig å tenke på skjerming frå trafikk i Sveiogata, skjerming frå vind, og utnytting av dei beste areala til uteopphald i høve soltilhøva i området. Tomta skrar ned mot sør. Det er ikkje naturmark eller tre på området i dag, då området har vore i bruk som dyrka mark. Det vert difor viktig å leggja vekt på opparbeiding av gode uteområde som kan gje barna ulike utfordringar og areal av ulike kvalitetar. Beplanting av området kan vera med å gje betre kvalitetar for uteområda.

6.7 Universell utforming og menneske med nedsett funksjonsevne

Prinsippa for universell utforming skal leggjast til grunn for utarbeiding av barnehagebygget og uteområdet. Området skal kunne brukast av alle utan spesiell tilpassing. Ved søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis universell utforming vert ivareteke. Hovudgangsamband og andre gangsamband med offentleg funksjon skal vera trinnfrie og ha maks. stigning i samsvar med teknisk forskrift. Det er sett krav om maks 6 % stigning på interne gangvegar fram til inngang innanfor barnehagearealet.

6.8 Trafikkforhold


6.8.1 Vegforhold

Tilkomst til området vert gjennom kryss frå Sveiogata og vidare inn Mannabergvegen. Det vil verta etablert ny tilkomstveg til området frå Mannabergvegen. Den nye tilkomstvegen vil liggja om lag 70 meter inn i Mannabergvegen, og vil gje tilkomst til planlagd barnehage, parkeringsareal og til området for offentleg og privat tenesteyting. Det er regulert tosidig fortau langs Mannabergvegen, og vidare einsidig fortau langs sørsida av tilkomstvegen inn til barnehagen.

Langs Sveiogata er det lagt opp til utviding av vegarealet frå Mannabergvegen og nord-aust. Her er det i kommunedelplan for sentrum lagt opp til framtidig miljøgate, og areal til denne utvidinga er vidareført i planarbeidet. Sjølv om frå kyrkja er det ikkje lagt opp til miljøgate, men her er det sikra nok areal til utviding av gang-/sykkel eller fortausløyser ved framtidig oppgradering av arealet. Det er sett byggegrense for o_BH 13 m frå eksisterande senterlinje. Dette ut frå type veg og eksisterande tilhøve langs Sveiogata.

Kommunen har i samband med tidlegare planarbeid vore i dialog med Statens vegvesen om løysingar knytt til eksisterande kryss mellom fv. 541 Sveiogata og Mannabergvegen. Det er ønske om berre éin tilkomst i frå planområdet, med tanke på skuleelevar som går langs vegen, og for å unngå potensielle ulukkepunkt. Det er

regulert ei oppretting av kryssløysing mellom Sveiogata og Mannabergvegen, i tillegg til ei justering og oppgradering av Mannabergvegen gjennom planområdet.



Figur 22 Utsnitt frå plankartet som syner kryssområdet

6.8.2 Trafikkauke

Med bakgrunn i ny etablering av barnehage, utvida areal til parkering og moglegheit for etablering av offentlig/privat tenesteyting i området vil det verta ei trafikkauke i Mannabergvegen. Det vert planlagt for ein barnehage med inntil 4. avdelingar, med utviding for ein avdeling for tilrettelagte behov. Det vil i den samanheng vera ein del trafikk i samband med levering og henting i barnehagen. I tillegg vert det trafikk frå tilsette. Innanfor området for offentlig- og privat tenesteyting er det opna for å etablere næring og serviceverksemdar. Dette området vil òg generere noko trafikk. Eksisterande parkeringsareal i kryssområdet med Mannabergvegen er regulert og utvida.

Trafikktal for Mannabergvegen, forbi planområdet, er estimert til ÅDT (årsdøgntrafikk) = 260 kjt/døgn (2023). Det er lagt til grunn ei generell trafikkauke på om lag 1,4 % pr. år, pluss 100 turar til barnehage og framtidig bruk av 40/59. Dette vil då utgjera ein årsdøgntrafikk for Mannabergvegen i prognoseåret 2040 på ÅDT = 440. For Sveiogata, fv. 541, er det i dag (2023) ein ÅDT = 1500/2000 kjt/døgn. Skiljet i ÅDT går ved krysset ved Mannabergvegen. Ved å leggje til grunn ei generell trafikkauke på om lag 1,4 % pr. år, samt auka bruk av Mannabergvegen vil Sveiogata få ein årsdøgntrafikk i prognoseåret 2040 på ÅDT = 2010/2665 kjt/døgn.

Det vil verta tilrettelagt for sykkelparkering i området, og enkle gangtilkomstar for å auke attraktiviteten for syklande og gåande.

6.8.3 Kollektivtilbod

Det er vurdert at eksisterande busstopp langs Sveiogata er dekkande for utbygginga innanfor området. Det er busstopp 100 – 150 m nord for planområdet, samt 100 m sør for området. Det går bussruter mellom Haugesund og Stord, samt mellom Haugesund og Tittelsnes forbi planområdet. Desse har avgangar jamt fordelt gjennom kvardagar, og nokre avgangar laurdagar. I tillegg køyrer kystbussen rute gjennom Sveio sentrum, med fleire avgangar dagleg. Det er dermed god kollektivdekning i området, og kort avstand frå planområdet til busstopp.

6.8.4 Veg-/trafikksituasjon, tilkomst/ avkøyrslar

Det er i planframlegget regulert tilstrekkeleg areal til samferdsleformål, og teke omsyn ved fastsetting av byggegrense at det i framtida kan etablerast miljøgateprofil for Sveiogata i nordre del planområdet. Det er også valt å nytte føresegner som opnar for ei justering/flytting av arealspesifikk bruk når miljøgateprofilen er valt. Arealet avsett til samferdsleformål er min. 13,3 meter breitt, og gir rom for både fortau og sykkelfelt, samt gateparkering og ev. busslomme. Frå kryss med Mannabergvegen og vestover er det regulert areal for utviding av Sveiogata med fortau/gang- og sykkelveg. Her må all vegutviding takast på sørsida av vegen grunna nærføring til bustadeigedomar på nordsida av vegen. Langs Mannabergvegen er det regulert tosidig fortau fram til tilkomst til kommunehuset. Det er regulert fortau langs sørsida av ny tilkomstveg i planområdet. Alle vegar er dimensjonert for uttrykingskøyretøy.

6.8.5 Trafikktryggleik og tilgjenge

Planen legg til rette for gode og sikre løysingar for mjuke trafikantar innanfor planområdet, ved å regulere inn areal for fortau langs interne vegar samt nye gangforbindelsar frå Sveiogata til barnehagen. Det skal opparbeidast fortau på resterande areal langs nordre side av Mannabergvegen, i tillegg vert det etablert fortau på sørsida av Mannabergvegen. Langs tilkomstvegen skal det òg opparbeidast fortau som leiar gåande fram til barnehagen. Det er sett krav til belysning i kryssingspunktet frå o_FO3 og over til o_V3, med tanke på at barnehagen vil nytte dette kryssingspunktet ved turar til Salamanderparken. Gang-/sykkelveg langs barnehagens austside ut til Sveiogata vil vera eit tilbod til dei mjuke trafikantane, og vil òg kunna nyttast av barnehagen ved turar og liknande..


Det er lagt opp til varelevering og renovasjon i nordre delen av parkeringsarealet til barnehagen. Det vert i tillegg lagt opp til ein gangveg i vestre del av området som bind saman Sveiogata med bustadarealet i sør.

6.9 Teknisk infrastruktur


6.9.1 Parkering

Langs Sveiogata v/krysset til Mannabergvegen er det eit areal som i dag vert nytta til parkering for tilsette i Sveio kommune, samt ved arrangement i Sveio kyrkje. Området er i dag utflytande og lite organisert. Arealet er i reguleringsplanen synt til parkering. Området vil verta opparbeida og stramma opp med tilkomst frå ny tilkomstveg til området, ut på Mannabergvegen. Det er regulert for om lag 60 parkeringsplassar på det utvida området. Dette vil vera ei auke i antall parkeringsplassar i området, og vil koma godt med i samband med parkering for tilsett og gjester ved Sveio kommunehus og for ulike arrangement i Sveio kyrkje.

I tillegg er det regulert eige parkeringsareal, o_PP2 og 3, til barnehagen. Her er det teke utgangspunkt i ein 4. avdelingsbarnehage med 16-25 tilsette. Det er synt areal til 39 parkeringsplassar derav 4 handikaptilpassa plassar.




Figur 23 Dagens parkeringsareal i området



Figur 24 Utsnitt som viser regulert parkeringsareal. Oppstillingsplassar er illustrert i plankartet.

6.9.2 Vatn, avløp og overvatn

Det må først fram nye hovudleidningar langs Sveiogata med stikk inn til bygg i planområdet. Det er utarbeida ein VA-rammeplan som legg føringar for hovudprinsippa.




Figur 25 VA-rammeplan, utarbeida av COWI

Overvatn i frå området skal handterast mest mogleg lokalt ved bruk av infiltrasjon og fordrøying og i samsvar med Norsk Vatn sin 3-steps strategi;

Steg 1 – Avrenning av årleg nedbør. Overflatevatn skal handterast internt på eigedomane.

Steg 2 – Avrenning av større mengder nedbør. Overflatevatn skal forseinkast gjennom fordrøying.

Steg 3 – Sikre flaumvegar. Overflatevatn skal leiast trygt til resipient.



Figur 26 Norsk Vann sin 3-stepsstrategi

Overvatn er tenkt løyst internt på dei ulike delområda ved hjelp av infiltrasjon og fordrøying med overløp til overvassleidning langs Sveiogata. Det er i tillegg lagt opp til ein overvassleidning sør-vest i området, som kan leie delar av overvatnet frå barnehagearealet inn på eksisterande overvassleidning i sør. Denne har god kapasitet, og det er kort veg til Vigdarvatnet.

6.9.3 Renovasjon

Etter føresegnene skal det etablerast renovasjonsløyningar tilpassa verksemdene i området, med tilstrekkeleg areal for sortering av avfall. I samanbygde bygningar skal løyningane vera felles. Løyning for renovasjon skal gjerast greie for i søknad, og synast i situasjonsplan.

Det er sett av eit areal til renovasjonsanlegg. Her har Sveio kommune containere ståande i dag. Det er sett av areal slik at området i framtida skal kunne opparbeidast med tanke på nedgrave renovasjonsanlegg. Tilkomst til området skal vera frå ny tilkomst inn til barnehagen, o_V4.


6.10 Støy og forureining

ABO Plan & Arkitektur Stord AS har utarbeida støyrapport for reguleringsplanen, med utgangspunkt i planforslaget og estimert trafikk vist i kap. 6.8. Rapporten er vedlagt planomtalen. Konklusjonen i rapporten er følgjande:


«Resultata av støyberekninga visar at området bør skjermast mot Fv. 541 for at ein skal kunne utnytte byggjeområda i reguleringsplanen på fornuftig vis.

Ved etablering av støyskjerm med ei høgd på 2,0 m langs Fv. 541 vil ein kunne redusere utstrekninga betrakteleg, slik at mesteparten av bygget og uteområde vil ligge utanfor raud- og gul støysone. Berre delar av 2. et. som ligg nærare Fv. 541 enn ca. 23 meter frå senter veg vil framleis verte liggjande innanfor gul støysone. Denne delen av bygget kan også realiserast dersom alle eller dei fleste rom med støyfølsam bruk vert lagt mot den stille sida av bygningen kor støynivået er $L_{den} = 55$ dB eller lågare, eller andre støyreduserande tiltak».

Rapporten viser forskjell på forventa støy med og utan støyskjerm langs fv. 541, Sveiogata. Støysone er vist i plankartet og det er sett krav i føresegnene som støttar opp under rapporten sine resultat og konklusjon. For bygningar i gul vurderingssone må det gjerast ei ytterlegare støyfagleg vurdering når type bygg, plassering og planløyning er fastsett.



Figur 27 Støykart for prognose-år 2040, utan støyskjerm



Figur 28 Støykart for prognose-år 2040 med støyskjerm $h = 2$ m.

I følge Miljøstatus er det ikkje forureina grunn i planområdet. Det er ingen målepunkt på svevestøv i området, og det går ingen høgspenteleidningar i luft gjennom, eller i nærleiken av, planområdet. Det er registrert låg til moderat aktsemd kva gjeld radon. Det er ikkje registrert drikkevasskjelder i området.

6.11 Energibehov- og forbruk

Det er lagt opp til at barnehagebygget kan etablerast med solceller på taket. Det skal elles vurderast tiltak som kan vera gunstige i høve klima- og miljøgevinst for bygget. Val av energiløysing skal synast i samband med søknad om byggjeløyve. Barnehagen skal byggast med utstrekt bruk av tre i konstruksjonar og fasade for å bidra til eit godt innemiljø og ivareta klima- og miljøomsyn.

Ved oppgradering av trafo ved Sveio kommunehus er det lagt til rette for auka kapasitet til barnehagetomta, og tilgrensande areal. Det vil difor ikkje vera naudsynt å oppgradera med ny nettstasjon innanfor planområdet.

6.12 Næring og tenester

6.12.1 Næringsareal/offentlege tenester

Området er planlagt for etablering av barnehage med inntil 4 avdelingar. Det er i tillegg regulert gode areal for parkering, både til barnehagen og for området generelt. Delar av arealet er regulert til offentleg/privat tenesteyting der ein kan etablere ulike former for tenestetilbod som for eksempel fysioterapi, frisør, hudpleie, legesenter, tannlege, konsulentverksemd m.m. Resterande areal er området i samband med Sveio kommunehus og kombinert formål bustad/forretning/kontor.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland har følgjande hovudmål: Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal legge til rette for vekst i heile fylket;

- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i
- Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen
- Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen
- Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum

Den regionale planen viser senterstrukturane for Hordaland, der Haugesund er Sveio sitt regionsenter. Elles må det nemnast at Leirvik på Stord òg er eit mykje nytta handelssenter for Sveibuen, særleg dei som er busette i nordre del av kommunen. Regional plan for Hordaland definerer fem senternivå, der Sveio sentrum er kommunesenter og kan utviklast vidare basert på dette. I følgje regionalplanen skal kommunesentera i hovudsak dekke kommunen sine innbyggjarar med offentlege tenester innanfor skule, barnehage, helse, kulturtiltak og tekniske tenester. Sveio sentrum er òg kommunen sitt handelssenter, der samla bruksflate for handel og andre private tenester skal samsvare med storleik på senteret og omlandet. Sveio sin næringsplan 2014 – 2018 har som hovudmål å skape offensiv næringsutvikling som bidreg til å styrkja omdøme og attraktivitet for Sveio innanfor føretak, besøk og bustad.

6.12.2 Sosial infrastruktur

Planområdet ligg like sør-vest for Sveio sentrum, og vil verta liggjande som ei naturleg forlenging av Sveio sentrum. Dette gjer at det vil vera korte avstandar til nærliggjande målpunkt. Det er fortau/gang- og sykkelveg langs Sveiogata i området. Innanfor området er det regulert utvida parkeringsareal til bruk for tilsette ved kommunehuset, samt for bruk til ulike arrangement i Sveio kyrkje. Parkeringsarealet ligg og i gangavstand til andre sentrumstilbod i området. Utearealet til barnehagen vil på ettermiddag og kveldstid kunne nyttast av lokalbefolkninga i nærområdet som sosialt møte- og leikeområde.

6.12.3 Skule- og barnehagekapasitet

Eksisterande kommunal barnehage i Sveio har store manglar, og det vil krevje stor innsats med ombygging og påbygging for å få dette opp på dagens standard. I tillegg vil det gjeva store problem med logistikken ved drift av barnehage i ein byggefase. Det er politiske vedtak på å bygge ny barnehage innanfor planområdet.

6.13 Eigedomsinngrep

Planforslaget legg i utgangspunktet til grunn etablering og gjennomføring av tiltak på eigen grunn. I samband med oppgradering av veg og kryssområdet ved Mannabergvegen kan ein koma inn på naboeigedom gnr./bnr. 40/4 og 40/21. Dette er og tilfelle i gjeldande plan for området.

6.14 Klimaendringar og naturhendingar

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing set krav til planprosess og beslutningsgrunnlag i alle planar etter pbl. I planane skal ein vurdere konsekvensar av klimaendringar, der ROS-analyse er viktig for å vurdere om klimaendringar gir eit endra risiko- og sårbarheitsbilete knytt til utbygging i tråd med planen. Dette for å kunne førebyggja tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdiar.

Viser til ROS-analyse i kap. 4.9 og 7 (eksisterande og framtidig situasjon).

NVE Atlas syner at planområdet ikkje ligg innanfor flaum- eller skredfaresoner, samt aktsemdsområde for flaum, skred, jord- og flaumskred eller snøskred og steinsprang. Det er ingen registrerte skredhendingar, ustabile fjellparti eller registrert kvikkleire i området. NVE Atlas syner likevel aktsemdsområde kvikkleire (marin leire) i planområdet ettersom det ligg under marin grense, men det er ikkje registrert kvikkleire eller marin strandavsetning her.

Ettersom planområdet ligg under marin grense, er det ein moglegheit for at det kan finnast marin leire. Dette kapittelet gjer vurderingar ihht. Kap. 3 i NVE sin rettleiar 1/2019, «Sikkerhet mot kvikkleireskred».

Steg 1: Undersøk om det er registrert faresoner (kvikkleiresoner) i området.

Det er ikkje registrert faresoner relatert til kvikkleire i eller i nærleiken av planområdet (nve.no).

Steg 2: Avgrens område med mogleg marin leire

Areal under marin grense kan nyttast som eit generelt aktsemdsområde for områdeskred. Heile planområdet ligg under marin grense.

Marin leire finn ein innanfor lausmassetypen «Hav og fjordavsetninger», men ofte ligg det marin leire også under andre lausmassetypar. Etter NVE sin rettleiar punkt 2, vil område med synleg fjell i dagen og tynt dekke av lausmassar ikkje ha sannsyn for områdeskred. Frå rettleiar: «Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløyse områdeskred.» Lausmassane i planområdet er skildra av NGU som morenemateriale, samanhengande dekke, stadvis med stor mektigheit. Lausmassane er definert som:


Materiale transportert og avsett av isbrear. Materialet er dårleg sortert, ofte kompakt og kan innehalde alle kornstørrelsar, alt frå leire til stein og store blokker. Avsetningas tjukkeleik kan variere frå nokon desimeter til mange titals meter.

I grunnforholdskart frå NIBIO (kilden) er arealet innanfor planområdet i hovudsak registrert som jorddekt og bebyggt areal. Jorddekt areal er definert som areal der meir enn 50% har større jorddjupne enn 30 cm. Det er ikkje synleg fjell i dagen i området.



Figur 29: Grunnforhold NIBIO

Det er tidlegare, ved avklaring av om området eignar seg til barnehagetomt, gjort djupneundersøkingar innanfor området. Det er føretatt prøvegraving i området der ein har konstatert at det innanfor området er ei djupne ned til fjell på mellom 0,2 og 1,4 meter. I tillegg er hellinga i området mindre enn 1:20, noko som tilseier at området ikkje inngår i lausneområde for skred.



Figur 30 Djupna ned til fjell

Konklusjon steg 2

På bakgrunn av området si terrenghelling og tidlegare utførte djupnegravingar er det ikkje grunnlag for å gå vidare med utgreiing angående marin leire eller fare for områdestabilitet.

6.15 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Bygging av ny kommunal barnehage vil ha økonomiske konsekvensar for Sveio kommune. Dette vil innebera kostnad til opparbeiding av infrastruktur som tilrettelegging av veg, straum og stikkleidningar til området, samt endring av vegtrase og opparbeiding av fortau langs Mannabergvegen. I tillegg får kommunen kostnad med opparbeiding av sjølve barnehagen og tilgrensande veg- og parkeringsareal.

6.16 Konsekvensar for næringsinteresser og privatrettslege forhold

Eigar av eigedom 40/4 har opplyst om privat septiktank og leidningar på eigedom 40/59. Desse vil verta teke omsyn til og lagt om, og kopla på offentleg anlegg ved gjennomføring av tiltaka innanfor planområdet. Ein kjenner elles ikkje til næringsinteresser eller privatrettslege forhold som vil få konsekvensar av planen.

6.17 Interessemotsetningar

Menneske har ulike interesser knytt til bruk og vern av område, og det som er av interesse for nokon vil ofte gje konsekvensar for andre sine interesser. I tilknyting til utbygging kjem ein ofte i konflikt med grøne interesser, utsikt og generelle endringar i etablerte område.

I kommunedelplan for sentrum står det: «*Sveio kommune skal styrkja sentrumsutviklinga og gjera Sveio sentrum meir attraktiv for etablering av sentrumsfunksjonar, busetting og næringsaktivitet, gjennom effektiv og hurtig sakshandsaming og ha innbyggjarane, næringsaktørar og tiltakshavar i fokus.*» Utvikling av Sveio sentrum er ønska, og arealet innanfor planområdet er eit av områda som ligg naturleg til rette for å bygge ut.

Planområdet ligg sentrumsnært og i tilknyting til eksisterande utbygde areal. Området ligg såleis med god tilgjenge og kommuniserer godt med eksisterande handel, service, skular og kulturtilbod. Området består i dag av jordbruksareal og noko parkeringsareal. Ved utbygging av området vil bygningar på området kunne stengja noko for utsikt frå Sveiogata mot Vigdarvatnet. Ei utbygging i området vil tetta igjen eit område langs

Sveiogata som til no har vore ope. Det vil og ha innverknad på Sveio kyrkje, som er eit landemerke i området. Dette vil ikkje vera betydeleg merkbart frå Sveiogata, men det kan stengja for noko av fjernutsikta frå fv. 47, Tittelsnesvegen, ved Vigdarvatnet. Her er det i dag noko fjernutsikt til Sveio kyrkje. Det er likevel barnehagebygget som vil verta etablert lengst sørvest i området, og dette vil ha lågast høgde av utbyggingsområda. Lengre nord-aust i området kan det koma bygningar med byggehøgde opp til kote + 39, men desse vil ha mindre å seia for fjernverknad for kyrkja.



Figur 31 Utsikt mot Sveio sentrum frå fv. 47, v/Vigdarvatnet

Bustadhusa på nordsida av Sveiogata vil og få endra utsikta si som følgje av ei utbygging i planområdet. I staden for ope jordbrukslandskap vil det koma bygg og moglegvis støyskjerm langs Sveiogata i dette området. Dei høgaste bygga innanfor området vil koma lengre mot aust, og dei vil såleis ikkje ha så stor innverknad på desse bustadhusa, korkje i høve til utsikt eller soltilhøve. Barnehagebygget er tenkt etablert i maks to etasjar, så dette vil ikkje verta dominerande i området.

Etablering av barnehage tett opp til område for bustadar og kyrkje/gravplass kan i nokre tilfelle gje uønska støytilhøve. Dette vil løysast best ved detaljprosjekteringa av barnehageområdet. Støyskjerming mot Sveiogata vil og skjerma bygningane på nordsida av gata mot støy frå barnehagen. Gravplassen ligg nord- og aust for kyrkja, og vil då liggja meir skjerma til. Ved oppføring av barnehage og uteoppfallsareal til denne skal bustadbygga sør-vest for barnehagen skjermast i høve støy frå barnehageområdet. Det skal etablerast tett gjerde i nabogrensa som skjerming mot lyd og innsyn frå barnehagen sitt uteområde.

6.18 Avveging av verknader

Planen opnar for tiltak i eit område som tidlegare er regulert, og det er difor allereie eit stort sannsyn for at området vil verta utbygd. Denne planendringa vil ikkje endre utbyggingsområdet, men delar av området i sørvest vil få lågare bygningar i høve til gjeldande reguleringsplan. Omsynssone kring Sveio kyrkje er oppretthalden, og området er organisert slik at nye bygg vert liggjande lengre i frå Sveio kyrkje. Arealet mellom kyrkja og dei nye bygningane vil verta nytta til veg og parkeringsføremål.

Gjennom planarbeidet har det ikkje kome fram forhold som gjer at planen ikkje bør kunne realiserast. Her under er det ikkje funne at dei planlagde tiltaka innanfor planområdet er av ein slik karakter at dei medfører store eller uheldige konsekvensar for biologisk mangfald, friluftsliv, kulturminne eller andre almenne interesser.

7 Samfunnstryggleik og beredskap

I plan- og bygningslova § 4-3 vert det stilt krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken blir ivaretatt og følgt opp. For å kunna redusera omfang av skader og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Gjennomgang av moglege uønska hendingar, er gjort med utgangspunkt i framlagt planforslag. Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

Analysen tar for seg problemstillingar som i reguleringsfasen er vurdert til å kunne krevja avbøtande tiltak. Analysen er forsøkt tilpassa det planleggingsnivå som eit reguleringsforslag representerer. Eit mål med risikoanalysen er at punkt som blir nemnt, skal vidareførast i detaljprosjektering av bygg og anlegg og peike på problemstillingar som må følgjast opp i det vidare arbeidet. Formålet med risikoanalysen er å innarbeide risikoreduserande og skadeavgrensande tiltak i reguleringsplanen. Det kan komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. Vår tilråding er at det undervegs vert gjennomført fortløpande risiko-vurderingar i gjennomføring av prosjektet.

7.1 ROS-analyse framtidig situasjon

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*, utarbeida av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, og følger krav frå TEK17. ROS-analysen følger også til dels akseptkriteria til Sveio kommune. Det er gjennomført ny støyrapport i samband med planarbeidet.

Type hending	Kategori	Uønskte hendingar	Nr	Vurdering	Liv og helse	Stabilitet	Ytre miljø	Materielle verdier
Naturhendingar	Ekstremvær	Sterk vind	1	Planframlegget endra ikkje tilhøva i området. Nye bygningar og anlegg skal førast opp etter krav sett i TEK17. Ein vurderer ut i frå dette at sterk vind ikkje utgjør nemneverdig fare for planområdet.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Store nedbørmengder	2	Planframlegget vil gje meir harde flater i området etter utbygging. Overvasshandtering vil verta gjennomført som infiltrasjon til grunnen eller som fordrøying, med overløp til overvassleidningar.	2.1	2.1	2.1	2.1
		Springflo/stormflo	3	Planområdet ligg ikkje til sjø				
	Flaumfare	Flom i elv/bekk	4	Planområdet ligg ikkje til elv/bekk				
		Flom i vassdrag/innsjø	5	Planområdet ligg ikkje til vassdrag/innsjø				
		Urban flaum/overvass-handtering	6	Planframlegget vil gje meir harde flater i området etter utbygging. Overvasshandtering vil verta gjennomført som infiltrasjon til grunnen eller som fordrøying, med overløp til overvassleidningar.	2.1	2.1	2.1	2.1
		Springflo/Stormflo	7	Planområdet ligg ikkje til sjø				
	Skredfare	Steinsprang	8	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i planområdet. Det er ikkje synt aktsemdsområde for steinsprang i eller i nærleiken av området.				

Andre uønskt hendingar		Lausmasseskred	9	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i planområdet. Det er ikkje synt aktsemdsområde for lausmasseskred i eller i nærleiken av området.				
		Is og snøskred	10	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i planområdet. Det er ikkje synt aktsemdsområde for is eller snøskred i eller i nærleiken av området.				
		Kvikkleireskred	11	Det er ikkje registrert fare for kvikkleire i området frå før, men planområdet ligg under marin grense. Det er gjennomfør djupneundersøkingar i området. Det er mindre enn 2 meter til fjell i området noko som tilseier at det ikkje er fare for kvikkleireskred i området.	4.1	4.1	4.1	4.1
		Historiske hendingar	12	Det er ikkje registrert historiske skredhendingar i området				
	Byggegrunn	Setningar og utglidingar	13	Ved utbygging kan det etablerast mindre murar og fyllingar, desse skal prosjekterast og utførast etter krav sett i gjeldande TEK og PBL	4.1	4.1	4.1	4.1
		Forureina grunn	14	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i planområdet				
		Radon	15	Området er registrert med moderat til lav radon-aktsemd i NGU sitt aktsemdskart for radon. TEK17 stiller krav til at bygningar med varig opphald vert prosjektert og utført med radonførebyggjande tiltak slik at innstrauming av radon frå grunnen vert avgrensa.	2.1			
	Forureining	Drikkevasskjelde (brønnar etc.)	16	Planområdet omfattar ingen drikkevasskjelder				
		Badevatn, fiskevatn, vassdrag o.l.	17	Planområdet omfattar ingen bade- eller fiskevatn				
		Nedbørsfelt	18	Det er ikkje avrenning til drikkevasskjelder frå området. Avrenninga går i hovudsak mot Vigdarvatnet				
		Luft - Støv, partiklar/røyk	19	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
		Støy	20	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
	Transport	Ulykker på veg	21	Planframlegget gir at vegar og kryss i området skal oppgraderast. Det skal etablerast ny tilkomstveg, med fortau. Ulykker kan skje sjølv med god standard og låg fart. Det vil vera mjuke trafikantar i området ved barnehagen.	2.2	2.1	2.1	2.1
		Ulykker på bane, luft og sjø	22	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
		Utslepp av farleg stoff	23	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området då det ikkje er planlagt verksemder som driv med farleg stoff.				
		Støy	24	Planframlegget vil med medføre meir trafikk til og frå området. Det er lite sannsynleg at utslag av auka trafikkmengd internt i området vil påverke eksisterande støysituasjon. Planområdet ligg attmed fv. 541. Det er utarbeida støyyvurdering for området. Det er lagt inn krav i føresegnene for dokumentasjon av naudsynste støy-reducerande tiltak for nye bygningar og uteområde innanfor H220 før det vert gjeve bruksløyve for barnehagen.	2.2	2.1	2.1	2.1
	Nærings- verksemd	Utslepp av farleg stoff	25	Planområde omfattar ingen næringsverksemd som potensielt kan medføre miljø- eller helseskadeleg utslepp.				

		Akutt forureining	26	Planområde omfattar ingen aktivitetar som kan føre til akutt forureining.				
		Brann, eksplosjon i industri	27	Planområde omfattar ingen industrielle aktivitetar som kan føre til brann eller eksplosjon.				
	Brannfare	Skog- og vegetasjonsbrann	28	Det er ikkje vegetasjon i området i dag.				
		Brannfare i bygningar	29	Alle nye bygg skal følgje byggetekniske krav i TEK. Nye bygg i planområdet er ikkje vurdert til å vera særleg utsett for brann.	3.2	3.1	3.1	3.2
	Eksplsjonsfare	Eksplsjon i industriverksemd	30	Det er ikkje planlagt for industriverksemd				
	Beredskap	Brann	31	Planområdet vert dekkja av Sveio brannstasjon, om lag 1,0 km nordaust for planområdet. Området er vurdert som tilstrekkeleg dekt av brann- og redningsetatar ved at det skal opparbeidast tilfredsstillande slökkjevatn for området, og tilkomstvegar er dimensjonert for utrykkingskøyretøy.				
		Ambulanse	32	Planområdet vert dekkja av Haugesund interkommunale legevakt i Haugesund. Næraste sjukehus ligg i Haugesund. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekkja av nødhjelpsetatar.				

Samandrag og korleis analysen påverkar planforslaget

Hending/forhold er akseptable med føresetnad at tiltaka vert gjennomført og drifta i samsvar med lover og reglar, som t.d. pbl. og byggeteknisk forskrift. Planen sikrar nye tiltak etter gjeldande normer og krav. Etter vurderingar i ROS-analysen er planframlegget vurdert til å ha generell låg risiko. Viser til kap. 5.10, der avbøtande tiltak/løysingar er skildra.

8 Innkomne merknader til oppstart

Viser til kap. 2.2.

Tabell 5 Innspel til melding om oppstart

Person/etat, dato Merknad oppsummert	Kommentarar
Statsforvaltaren, 07.06.2024 Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging, klima-tilpassing og samordna bustad, areal og transportplanlegging, samt arealbruk og mobilitet må leggjast til grunn og verta vurdert. <i>Klima og energi</i> Ein skal innarbeida tiltak og verkemiddel for å redusera utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk. Viser til www.klimatilpasning.no <i>Naturmangfald</i> Tap av biologisk mangfald skal stoppast, og nedbygging av areal er eit av dei største trugsmåla mot naturtypar og artar. Føreset at naturmangfaldslova og paragrafane i kapittel II i lova vert vurdert i planomtalen. <i>Støy</i> Minnar om retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021). Sikre tilfredsstillande støytilhøve og unngå areal-disponeringar som inneber støykonflikar. <i>Born og unge</i> Prinsippet om universell utforming og omsynet til barn og unge skal ivarekast i planlegginga. Dei rikspolitiske retningslinjene for barn og planlegging stiller konkrete krav til kvalitet og funksjonar for areal som vert nytta av barn og unge. Viser og til kunnskapsdepartementet sin rettleiar for utforming av barnehagens uteareal. Rår til at rettleiaren vert vurdert. Viser og til rikspolitiske retningslinjer av 01.09.1989, rundskriv T-2/08, temaretttleiar T-1513 samt rettleiar H-2302. <i>Grønstruktur, blågrøne verdiar</i> Viktig å sikre grønstruktur og blågrøne verdiar av omsyn til det biologiske mangfaldet i området, friluftsliv, rekreasjon og lek. <i>Landskap og sentrumsutvikling</i> Rår til at det vert gjort konkrete og gode vurderingar i høve kva som er god tilpassing og kva som er god utnytting av nytt areal. Dette må ha eit visst samspel med omkringliggjande område, som t.d. kyrkja og barnehagen sin plassering. <i>Samfunnstryggleik og beredskap</i> ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmål om arealet er eigna til utbygging, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. TEK17 definerer akseptabel risiko for flaum og skred, andre tema må kommunen sjølv ta stilling til. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve bør merkast på plankartet med omsynssone, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av føresegnene. Må takast omsyn til at det kan vera marin leire i grunnen. <i>Medverknad</i> Leggje til rette for god medverknad i planprosessen. Rår kommunen til å leggja planen ut på internettkartet ved høyring.	Teke til orientering, sjå kap. 6.1. Naturmangfaldlova er vurdert i planomtalen Det er utarbeida støyrapport for området og krav i føresegnene som følgjer opp konklusjonen i rapporten. Prinsippet om universell utforming er lagt til grunn for utarbeiding av planområdet. Rettleiaren skal leggjast til grunn for vidare detaljering av barnehageområdet. Det er lagt opp til gangveggar og fortau som sikrar trygg tilkomst til nærområda og vidare til friluftsområde og rekreasjonsområde i nærleiken. Barnehagen er trekt lengst sør-vest på området, vekk frå kyrkja. Område for offentleg/privat tenesteyting vil då liggja i forlenging av eksisterande sentrumsområde og Sveio kommunehus. ROS-analyse er utarbeida. Det er gjort prøvegravingar i området for å sjekke djupne til fjell.
Vestland fylkeskommune, 12.06.2024 <i>Planfaglege merknader</i> Føreset at vidare utvikling av planen tek omsyn til føringar i mellom anna kommuneplan, kommunal planstrategi og	Omtala i planomtalen, sjå kap. 6.1.

kommunedelplan Sveio sentrum. Regionale føringar må følgjast i planen. <i>Barn og ungens interesser og universell utforming</i> Regional plan for folkehelse set retningslinjer for lokalsamfunn, nærmiljø og bustad. Det skal sikrast gode uteareal. Kvalitet og tilgjenge må ver såleis at barn kan bevege seg til og frå på ein trygg og naturleg måte. Barnehagen skal vere helsevenleg utforma med høg kvalitet både estetisk og materielt. Ei føremon at uteareal og kan nyttast som leike- og møteplass, har god, attraktiv utforming og tilfører området kvalitetar som leikeområde og møteplass. Universell utforming må leggjast til grunn for val av løysingar. Tilrettelegging for tilkomst, synbarheit, kontrastar, merking og utbetring av nivåforskjellar bør innlemmast i planen. <i>Landskap, arkitektur og estetikk</i> All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Nye tiltak bør spegle si tid, planområdets eigenart og karakter må takast omsyn til, og nye bygg og strukturar må tilpassast strøkkarakter på ein god måte. Byggehøgder må taka omsyn til eksisterande kyrkje og verknad på denne. <i>Folkehelse</i> Skjerming frå støy er ein viktig faktor for trivsel og helse. Støy bør greiast ut i tidleg fase, og bli lagt til grunn for plassering og utforming av bygg. <i>Klima, energi, miljø og naturmangfald</i> Nybygging er eit viktig bidrag til klimagassutslepp. Oppmodar om fokus på klimavenlege materialval. Føresegnene bør definere krav til materialbruk og energiløysingar. Viktig å tidleg retta fokus på korleis overvatn skal handterast i planområdet. <i>Kulturminne</i> Har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i området. Det vart utført arkeologisk registrering i 2012 – og ikkje påvist funn i marka. <i>Samferdsel</i> Ein må ta omsyn til plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg, tilhøva for mjuke trafikantar, byggegrense mot fylkesveg, tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikk i bygge- og anleggsfasen, vegtrafikkstøy, tekniske vegteikningar i samsvar med handbøker og grunnundersøkingar. Det bør gjerast ei trafikkanalyse kor tilkomst, transportmiddel og behov for parkeringsdekning blir belyst. Trafikktryggleik bør vera eige tema i planarbeidet. Endringar i vegbane eller avkøyrslar/kryss vil gje behov for rekkefølgjekrav for å sikre opparbeiding.	Teke til orientering. Sjå kap. 6.6 Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn. Føresegnene sikrar at nye bygg og anlegg retta mot publikum skal vera universelt utforma. Det er lagt opp til maks byggehøgde i området i tråd med dagens kommunedelplan og gjeldande plan for området. Omsynssone rundt Sveio kyrkje er vidareført. Nye bygningar er trekt vekk frå området rundt kyrkja. Det er utarbeida støyvurdering for området, og sett krav i føresegnene for oppfølging av støykrav. Det er i føresegnene lagt opp til at det primært skal nyttast naturmateriale. Det er lagt opp til å nytte solcelle på taket på barnehagebygget. Infiltrasjon/fordrøying på dei ulike områda. Teke til orientering Det er lagt inn rekkefølgjekrav som sikrar opparbeiding av tiltaka.
DSB, 10.05.2024 DSB har ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker, og viser til at det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om. Viser elle til www.dsb.no for DSB sin rettleiar om samfunns-tryggleik i arealplanlegginga.	Teke til orientering
NVE, 23.05.2024 På grunn av stor saksmengd har NVE ikkje kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar. Viser til NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan. Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I	Teke til orientering

plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen.	
Statens vegvesen, 07.06.2024 Fylkesvegen har ein døgntrafikk på om lag 2000 bilar. Det er tilbod til mjuke trafikantar i form av fortau. Vest og aust for området er det kollektivhaldeplassar. Ei utbygging vil fortette dagens sentrum. Fornuftig å vidareutvikle eksisterande parkeringsområde. Delar av området bør reserverast til ladeformål for el-bilar. Det må og vera HC-parkering lett tilgjengeleg samt gode areal til sykkelparkering i området. Det bør ikkje koma fleire kryss eller avkøyrslar på fv. 541. Ein må nytte eksisterande tilkomst og naudsynte oppgraderingar for meir effektiv og trafikksikker ferdsle. Ved trong for vurdering av fråvik frå vegnormalane må dette koma klart fram av planomtalen, og fråviksøknad må vera avklara med rette vegeigar. Viktig å ha fokus på trafikksikre løysingar for renovasjon og varelevering. Legg til grunn at planen vil innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført. Viser til Veglova, N100 og V121, Sykkelhandboka.	Det er lagt opp til utvida parkeringsareal, der det kan etablerast ladeformål på delar av arealet. Det er ikkje lagt opp til nye kryss eller avkøyrslar ut på fv. 541. Det er lagt opp til ein samla tilkomst til utbyggingsområdet samt parkeringsareala. Det er lagt opp til fortausløyssing langs tilkomstveg, og langs Manna-bergvegen. I tillegg vil det verta ny gangveg frå fv. 541 og inn til barnehagen. Det er lagt opp til vareleveranse og ev. renovasjon i nordre ende av parkeringsarealet til barnehagen. Det er lagt inn rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført. Det er ikkje lagt opp til avvik frå vegnormalen.
Sveio sokneråd og kyrkjelege fellesråd, 09.06.2024 Kirkeloven § 21 fastsett at bureising ikkje er tillate nærare kyrkja enn 60 m. Kyrkjebygget, med gravplass, har hatt ei sentral plassering i norske bygder – som det det einaste eller største offentlege bygget. Kyrkjebyggets form, storleik og tårn og sentrale plassering gjorde at kyrkjestaden vart stadens identitetsskapar og fokuspunkt i landskapet. Kyrkjebygga er sårbare for nye bygg og konstruksjonar, avhengig av beliggenhet, siktliner frå innfartsveg og sjøveg. Det er og viktig at ein tek omsyn til dei handlingar som finn stad i og nær kyrkja og ute på gravplassen. Dette handlar om støy og ein viss diskresjon knytta til gravlegging og besøk på graver. Spørsmål: • Det står skreive ein maksimal høgde på 15 m. Korleis vil dette prege Sveio kyrkje som eit signalbygg og landemerke? • Vil støy frå barnehagen påverke diskresjon og verdigheit ved begravelse og gravbesøk? Ber om at den lovbestemte 60 m sona blir helde og omsyn rundt høgde i forhold til kyrkja vert teke ei utgreiing på. Ønsker å verta involvert i vurdering av ulike alternativ for utforming av barnehagen.	Kirkeloven er endra, og har no ikkje ei slik bestemming. Ein har likevel vidareført omsynssone frå ny KDP, Sveio sentrum, rundt Sveio kyrkje. Det er ikkje lagt opp til bygging av høgare bygg enn dagens kommunedelplan og eksisterande reguleringsplan tillèt. I høve gjeldande plan vil området for barnehage (sør i planområdet) verta regulert med lågare høgde på bygningane enn gjeldande plan. Her kan ein maks bygge i to etasjar. Barnehagen vil verta støyskjerma mot Sveiogata, og dette vil og gjera at begravelse/gravbesøk vert «skjerma» mot støy frå barnehagen. Utforming av sjølve barnehagen vil verta utlyst som konkurranse i etterkant, og detaljane rundt utforming av bygg og uteareal vil ikkje verta fastsette i reguleringsplanen.
Sveio bondelag, 14.05.2024 I høve planar for jordvern har ikkje kommunen lov å fjerna så mykje dyrka jord som dette. I ein kommune med svært lite dyrka jord å ta av, bør ikkje dette ofrast til utbygging. Det må vera eit krav at dyrka jord, spesielt matjord, blir fordelt til bønder i nærleiken og nye areal teke i bruk. På denne måten held ein seg innanfor krava til nedbygging av matjord. Er det noko plan for dette i prosjektet?	Det er lagt inn krav om vidare bruk av dyrka jord skal nyttast i landbruksdrifta i nærleiken. Før igangsetting av tiltak innanfor planområdet skal det vera inngått avtale om gjenbruk av matjord.
Ole Johan Sveen, 11.06.2024 Eigedom 40/4 har septiktank liggjande innanfor planområdet. Mannabergvegen 9 og 11 er knytta til denne. Vil tru at kommunen må etablere ei ny ordning for avløpet frå desse bustadane. Gjer merksam på at naboeigedomen er lagt ut til bustadformål (i den nye kommunedelplanen for Sveio sentrum). Vonar difor at	Opplysningar om septiktank vil verta teke med vidare i prosjektet. Kommunen vil leggja om leidningsanlegget. Når det gjeld framtidig bustadområde må grunneigar sjølv føra fram teknisk anlegg til dette området, kommunen vil sørge for at det er

planarbeidet ser på om val av vegtrase blir slik at den ein gong i framtida òg kan vera tilkomstveg til dette arealet.	tilstrekkeleg dimensjonert. Val av vegtrase er planlagt ut frå planområdet sitt behov.
--	--

9 Vedlegg

Føresegner
Plankart

Vedlegg Oppstartsmelding og merknader til planoppstart
 VA-plan, datert 12.08.2022
 Støyrapport m/vedlegg, datert 09.09.2024